



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 23.05.2016
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100
Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

Orientering:

Rådmannen legg fram/presenterer økonomiplanen for 2017-2020

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
42/2016	KOMMUNEREFORMA - KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR FOLKERØYSTINGA

19. mai 2016

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
42/2016	Kommunestyret	PS	23.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 000	14/1500

KOMMUNEREFORMA - KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR FOLKERØYSTINGA

Vedlegg:

Intensjonsavtale om etablering av en ny kommune mellom Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen kommuner

Vaksdal som eigen kommune - Kunnskapsgrunnlag kommunereforma

Kommunereformrapport- Samanslåing Vaksdal- Osterøy- Bergen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Intensjonsavtale om etablering av ny kommune mellom Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen kommuner» vert godkjent som grunnlag for alternativ 2 i folkerøystinga om «Vaksdal saman med Bergen og ev Osterøy»

Kunnskapsgrunnlag for «Vaksdal som eigen kommune» vert tatt til orientering.

Saksopplysningar:

Kommunestyret har vedtatt mandat og plan for utgreiingsarbeidet:

«Kommunestyret vedtek særskilte fokusområde for utgreiing av dei to alternativa slik:

1. Vaksdal som no
 - a. Konsekvensar av framlegg til nytt inntektssystem
 - b. Sårbare tenester i høve kompetanse og kapasitet
 - c. Mogelegeheitar og konsekvensar i høve interkommunale samarbeid
 - d. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
2. Vaksdal saman med Osterøy og Bergen
 - a. Arbeidet skal vere tufta på eit hovudprinsipp om likeverd mellom partana. Ein eventuell ny kommune skal etablerast, driftast og bli utvikla med utgangspunkt i kvar av kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar, og at likeverd, rause haldningar og forståing for kvarandre sin ståsted skal bli lagt til grunn ved utgreiingar og forhandlingar. Utvikling av nærdemokrati skal ha høg prioritet.
 - b. Demokratisk nivå aust for Bergen, mogelege alternativ og erfaringar frå andre
 - c. Regional utvikling; mogelegheitar og konsekvensar
 - d. Grensejustering; mogelegheitar og konsekvensar
 - e. Økonomi; mogelegheitar og konsekvensar
 - f. Vinstar for sårbare tenester

- g. Mogeleg effektivisering administrative kostnader
- h. Konsekvensar og mogelegheitar for kjerneproduksjonen av tenestene som ligg tettast der folk bur; skule, barnehage, pleie- og omsorg
- i. Kultur og identitet”

Bakgrunn

Kunnskapsgrunnlag for «Vaksdal som eigen kommune»

For utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget om «Vaksdal som eigen kommune» er det henta inn berekningar frå departement, KS og Fylkesmannen, tilgjengelege data frå SSB (førebels Kostra-tal 2015), data frå nykommune.no, analyser og styringsdata frå tilsvarande utgreiingar for andre kommunar og data frå relevante meldingar og rapportar.

Likeeins er Økonomiplan 2016-2019, årsmelding for 2015, kommunedelplanar og andre planar, folkehelseoversyn 2015 og risikoindeks med vidare ein del av grunnlaget for rapporten.

Vurdering av sårbare tenester er gjort på bakgrunn av tilsynsrapportar, forvaltningsrevisjonar, ROS-analyse i 2015 og SWOT analyse våren 2015 og våren 2016, saman med generell vurdering og løpande styringsdialoger med leiarar og årleg gjennomgang av internkontroll. Årleg gjennomgang av tenestene skjer etter årshjulet vårt i samband med arbeid med årsmeldinga.

Vurderinga er også gjort i høve framlegg til nye oppgåver for kommunane, jf Stortingsmelding nr 14 (2015) om nye oppgåver. Det er lagt vekt på fleire utgreiingar frå forskningsmiljø i samband med kommunereforma. Potensiale for interkommunalt samarbeid er sett i samband med desse vurderingane.

Det vert elles vist til KOM sak 23/2016 om Kommunereforma – Løypemending – Utgreiing alt.1

Kunnskapsgrunnlaget frå RAPPORT OM NY KOMMUNE, eit verktøy utarbeida av KMD for bruk som kunnskapsgrunnlag ved kommunesamanslåingar er lagt ved saka.

Forhandlingar om intensjonsavtale med Bergen og ev Osterøy

Kommunestyret vedtok i sak 17/2016 å etablere eit forhandlingsutval med sikte på å utarbeid felles intensjonsavtale om ny kommune saman med Osterøy og Bergen, etter at saka hadde vore i formannskapet 01.02.2016.

I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Likeverd mellom kommunane
- Kommunen må levere betre tenester både på kort og lang sikt. Nærteneister må vere tilgjengeleg der folk bur.
- Kommunen må vere betre rusta til å utvikle regionen og potensialet for folketalsvekst, næringsetablering og attraktivitet i regionen
- Kommunen må ha ein solid økonomi og ha rom for uforusette hendingar.
- Kommunen må leggje betre til rette for lokal stadsutvikling og kjenne sin identitet både lokalt og som heile
- Nærdemokratiet skal takast i vare og det skal etablerast eit tilstrekkeleg demokratisk nivå som sikrer medverknad på vesentlege område for innbyggjarane samt effektiv avgjerdsmynde.
- Gjeldande planverk i kommunane skal gjelde som kommunedelplanar inntil nytt felles planverk er vedtatt

Det har vore 3 møter mellom forhandlingsutvala, eitt i kvar kommune. Dei to siste møta og alle dokument har vore offentlege. I siste forhandlingsmøte på Dale 13.mai vart det enighet om vilkåra i avtalen og forhandlingsutvala signerte intensjonsavtalen. Samnanger kommune slutta seg til avtalen i det siste møtet.

Avtalen vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning som grunnlag for alternativet «Vaksdal saman med Bergen og ev Osterøy» i folkerøystinga 30.mai.

Intensjonsavtale om
etablering av ny kommune
mellom
Samnanger, Vaksdal, Osterøy
og Bergen kommuner

13. mai 2016

Innhold

1	Innledning.....	3
2	Kommunenavn.....	3
3	Prinsipper for sammenslåingsprosessen.....	3
4	Utfordringer og hovedmål for den nye kommunen.....	3
5	Politisk organisering og lokaldemokrati.....	4
6	Administrativ organisering.....	5
7	Tjenestetilbud.....	5
8	Interkommunalt samarbeid.....	6
9	Økonomi og investeringer.....	6
10	Planlegging og infrastruktur.....	7
11	Oster bydel – en slagkraftig bydel øst for Ulriken.....	7
11.1	Politisk organisering og lokaldemokrati.....	7
11.2	Lokal identitet.....	8
11.3	Tjenestetilbud.....	8
11.4	Planlegging og infrastruktur.....	8
11.5	Mulig grensejustering i Vaksdal kommune.....	9
11.6	Særlige inntekter.....	9
12	Kommunen som arbeidsgiver.....	9
13	Involvering og informasjon.....	10
14	Fellesnemnd.....	10

1 Innledning

Samnanger kommune, Vaksdal kommune, Osterøy kommune og Bergen kommune har en intensjon om å slå seg sammen. Kommunene har forhandlet fram en felles plattform, i form av en intensjonsavtale, for en ny storkommune. Intensjonsavtalen skal endelig behandles i de respektive kommunestyre og bystyre.

Kommunene har som mål å etablere ny kommune fra 1. januar 2020.

Avtalen trer i kraft dersom samtlige kommuner vedtar likelydende avtaler i sine respektive kommunestyre/bystyre innen 1. juli 2016.

Så snart kommunene har fattet vedtak om sammenslåing, etableres en politisk arbeidsgruppe som skal ivareta politisk styring av den videre planleggingen for den nye kommunen fram til fellesnemnd med eget mandat nedsettes etter inndelingslova § 26.

2 Kommunenavn

Navnet på den nye kommunen skal være Bergen. Fram til sammenslåingen formelt finner sted, skal kommunen omtales som «nye Bergen». Det skal etableres en ny bydel – Oster bydel – som skal bestå av Samnanger kommune, Vaksdal kommune, Osterøy kommune og Arna bydel i Bergen kommune.

Bergen kommunes byvåpen og grafiske profil videreføres av den nye kommunen.

3 Prinsipper for sammenslåingsprosessen

Hovedprinsippet som ligger til grunn for arbeidet, er at kommunene er ulike, men likeverdige. En ny kommune skal etableres, driftes og videreutvikles med utgangspunkt i hver av kommunenes forutsetninger, kultur, sterke sider og utfordringer, og at respekt og forståelse for hverandres ståsted skal legges til grunn for arbeidet med utviklingen. Målet om bærekraftig samfunnsutvikling skal ligge til grunn for utviklingen i den nye kommunen. Lokal identitet, nærdemokrati og nærhet til kommunens tjenester skal prioriteres.

Nye Bergen skal ivareta kommunenes fire funksjoner som myndighetsutøver, demokratisk arena, tjenesteyter og samfunnsutvikler på en best mulig måte, gjennom et helhetlig og samordnet samfunnsutviklingsperspektiv.

Vi møter framtidens utfordringer bedre sammen enn alene.

4 Utfordringer og hovedmål for den nye kommunen

Den nye kommunen står overfor store samfunnsutfordringer. Klimautfordringen, samt stor endring i demografi og variasjon i levekår er eksempler på utfordringer kommunen vil måtte

håndtere. Tjenesteutvikling og innovasjon i offentlig sektor er en del av løsningen og et viktig virkemiddel for at kommunen skal kunne nå sine målsettinger.

Demokrati og nærhet mellom innbyggerne og folkevalgte skal styrkes gjennom demokratireformen. Den nye kommunen skal utvikles slik at alle innbyggerne både føler tilknytning til sitt nærmiljø og til kommunen som helhet. Kommunen skal være en pådriver for økt samarbeid og fellesskap i regionen, og samtidig være en drivkraft i landsdelen.

Den nye kommunen skal stå godt rustet til å møte framtidens behov. Nye Bergen skal ha en solid økonomi som gjør det mulig å håndtere uforutsette hendelser, tilby god velferd til innbyggerne og gjennomføre store løfter som den enkelte kommune i dag ikke makter hver for seg. Den nye kommunen vil også være bedre rustet til å ivareta sikkerhet og beredskap. Kommunen skal være en attraktiv arbeidsplass som skal videreutvikles.

Nye Bergen skal være ledende i arbeidet med digitalisering av offentlig sektor. Digitalisering er av stor betydning for at kommunen skal kunne gi gode og effektive innbyggertjenester, og skal bidra til å motvirke effekten av geografisk avstand.

Nye Bergen skal legge til rette for utvikling av hele kommunen. Stedsutviklingen i kommunen skal ta utgangspunkt i og bygge videre på lokale særpreg. Den enkelte kommunes styrker skal bevares og videreutvikles. Det skal legges til rette for et allsidig botilbud der positive bokvaliteter står i fokus. Innbyggerne skal ha tilgang til gode rekreasjons- og friluftsområder.

Bydelene skal være attraktive bo- og arbeidssteder, og det skal være sentrumsutvikling i alle bydelene. En mer samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging skal bidra til effektiv arealbruk og et mer miljøvennlig transportsystem med god tilknytning til tettstedene/ stasjonsbyene.

Næringsutvikling skal være en prioritert oppgave, med hovedvekt på satsinger som fremmer en miljø- og klimavennlig framtid. Kommunen skal legge til rette for næringer som utnytter lokale, fornybare naturressurser. Nye Bergen skal tilrettelegge for næringsarealer i hele kommunen og være en pådriver for å skape nye arbeidsplasser.

Det skal legges til rette for vekst i folketallet i hele kommunen. Tilrettelegging for næringsarealer i hele kommunen og tilstrekkelig boligbygging skal gi en bedre balanse mellom boliger og arbeidsplasser.

5 Politisk organisering og lokaldemokrati

Bystyret skal være det overordnede politiske organet i kommunen. Bystyret skal vedta budsjett og ha ansvaret for kommunens økonomi, kommuneplan, overordnet arealplanlegging og tjenesteproduksjon.

Bystyret velger ved konstituering styringsform etter nærmere bestemmelser i kommuneloven § 18. Det legges til grunn at nye Bergen vil være organisert etter parlamentarisk modell.

Lokaldemokratireform

Demokratiet og nærhet mellom innbyggere og de folkevalgte skal styrkes i nye Bergen gjennom en demokratireform. Bergen kommune har startet et utredningsarbeid som skal se på hvordan lokaldemokratiet kan sikres på bydelsnivå, og se på tverrfaglig samordning av kommunens oppgaver på bydelsnivå. Utredningen skal svare på hvordan den politiske organiseringen i kommunen kan sikre lokal innflytelse på bydelsnivå og samtidig sørge for gode prosesser og beslutningsdyktighet i spørsmål som gjelder utvikling av kommunen som helhet. Representanter fra Samnanger, Vaksdal og Osterøy vil bli involvert i dette arbeidet.

6 Administrativ organisering

Nye Bergen skal være en kompetansearbeidsplass med sterke og solide fagmiljø. Kommuneadministrasjonen skal organiseres slik at dette oppnås samtidig som tverrfaglig samhandling ivaretas.

Politisk og administrativ toppledelse og deres fagstaber skal samlokaliseres i kommunesenteret.

Øvrige sektorovergrepene funksjoner samlokaliseres.

Språklig mangfold er viktig for nye Bergen, og kommunen skal ivareta innbyggerens språklige identitet. Tjenestemålform, som regulerer språkbruken fra staten til kommunen, skal være nøytral. Det legges opp til at administrasjonsmålform, som regulerer hvilket skriftspråk kommunen bruker i egen ekstern kommunikasjon, er nøytralt, men at bydelene selv kan gjøre vedtak om egen administrasjonsmålform. Kommunale institusjoner i bydelene skal følge den enkelte bydels administrasjonsmål.

7 Tjenestetilbud

Det skal være et godt tjenestetilbud i alle deler av den nye kommunen. Harmonisering av tjenestetilbudet i kommunene startes så snart som mulig etter inngåelse av intensjonsavtalen for å sikre en gradvis tilpasning.

Stedsavhengige tjenester

Dagens struktur for stedsavhengige tjenester skal i hovedtrekk bestå. Tjenester som krever nærhet til bruker og kunnskap om og kjennskap til nærmiljøet skal fortsatt leveres lokalt.

Barnehage, skole, SFO og hjemmetjenester er eksempler på stedsavhengige tjenester som skal leveres til brukerne som i dag.

Stedsuavhengige tjenester

Stedsuavhengige tjenester, slik som enkelte driftsavdelinger, administrative og merkantile tjenester, samt tjenester som krever spesialisert kompetanse, skal samlokaliseres. Tjenestene lokaliseres slik at det utvikles sterke kompetansemiljøer. Den endelige fordelingen og plasseringen av tjenestene skal utredes videre.

8 Interkommunalt samarbeid

I dag deltar kommunene i en rekke interkommunale samarbeid. Fellesnemnda skal foreta en gjennomgang og revisjon av dagens interkommunale samarbeid. Den skal identifisere hvilke samarbeid det er naturlig å videreføre, om noen må endres som følge av f.eks. ulike samarbeidskonstellasjoner i dag, og om det kan være formålstjenlig å avslutte enkelte samarbeid, slik at tjenestene heller tilbys av kommunen. Dette gjelder også ulike fagnettverk.

9 Økonomi og investeringer *Økonomi*

Den nye kommunens økonomi skal være solid for å sikre gode tjenester til innbyggerne også i framtiden.

Fellesnemnda skal vurdere harmonisering av, og nivået på, egenbetaling for tjenester, skatter og avgifter. Dette inkluderer å vurdere beregningsgrunnlaget for eiendomsskatt. Arbeidet med harmonisering av skatte- og avgiftsnivået startes så snart som mulig etter inngåelse av intensjonsavtale for å sikre en gradvis tilpasning.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunenes posisjoner i fond, pensjonsfond, stiftelser, aksjeselskaper, kraftselskaper og annet eierskap.

Kommunenes budsjett og økonomiplaner skal gjøres opp i balanse fra vedtakstidspunkt av intensjonsavtalen og fram til sammenslutningsdato.

Reformmidlene skal settes på bundet driftsfond og benyttes til dekking av omstillingskostnader. Fellesnemnda innstiller på bruk av midlene.

Investeringer

Investeringsprosjekter som allerede er innarbeidet i de tidligere kommunenes økonomiplaner, skal prioriteres i den nye kommunens budsjett og økonomiplan. Det er en forutsetning at prosjektene er nøkterne og fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

Nye Bergen skal videreføre investering i barnehager og skoler i tråd med befolkningsutviklingen.

Det skal være nærmiljøanlegg og anlegg for idrett og kultur i alle bydelene.

10 Planlegging og infrastruktur

Samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging legges til grunn som et overordnet prinsipp for all utbygging. Gjennom en helhetlig arealpolitikk skal det legges opp til en effektiv, bærekraftig og framtidsrettet utvikling i tråd med vedtatte miljø- og klimamål. Dyrket mark skal sikres.

Det skal være en overordnet prioritering å bygge ut gode kommunikasjons- og kollektivtransporttilbud mellom bydelene. Det skal satses på grønn mobilitet gjennom utbygging av gang- og sykkelanlegg.

11 Oster bydel – en slagkraftig bydel øst for Ulriken

Samnanger kommune, Vaksdal kommune, Osterøy kommune og Arna bydel i Bergen kommune skal etableres som en egen bydel i nye Bergen kommune. Dette kapitlet omhandler de avtalepunktene som gjelder spesielt for denne bydelen.

Bydelen skal ha et eget bydelsutvalg, og ha delegert myndighet og stedsavhengig tjenestestruktur.

Det legges til grunn at administrasjonsmålform skal være nynorsk.

Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Arna blir en slagkraftig bydel med rundt 27 000 innbyggere i den nye kommunen. Bydelens egenart skal ivaretas og videreutvikles gjennom de nye mulighetene som kommunereformen gir. Indre Arna etableres som bydelssentrum, mens Tysse, Dale og Lonevåg skal ha utvidede servicefunksjoner, jf. omtale av tjenestetilbud.

11.1 Politisk organisering og lokaldemokrati

Det skal etableres et bydelsutvalg i bydelen som skal sikre nærhet mellom innbyggerne og de folkevalgte. Den politiske organiseringen skal sikre lokal innflytelse på bydelsnivå og samtidig sikre gode prosesser og beslutningsdyktighet i spørsmål som gjelder utvikling av kommunen som helhet. Bydelsutvalget i bydelen skal være direktevalgt, og ha tilstrekkelig delegert myndighet til at det blir et reelt lokaldemokrati.

Bydelsutvalget skal ha myndighet og ansvar for saker som er viktig for stedsutvikling og lokal identitet. Bydelsutvalget skal ha myndighet innenfor by- og stedsutvikling. Bydelsutvalget skal ha myndighet etter plan- og bygningsloven. Innholdet skal vurderes nærmere fram mot sammenslåing. Bydelsutvalget skal i tillegg være høringsinstans i saker som omfatter tjenestetilbudet til innbyggerne i bydelen.

Fellesnemnda skal ytterligere detaljere den politiske organiseringen for bydelsutvalget,

omfanget av delegasjon til bydelsutvalget og vurdere antall medlemmer i bydelsutvalget.

11.2 Lokal identitet

Innbyggerne skal føle tilknytning til sitt nærmiljø og til kommunen som helhet. Stedsutvikling i bydelen skal ta utgangspunkt i og bygge videre på lokale særpreg. De nåværende styrker skal bevares og videreutvikles i den nye bydelen. Det skal legges til rette for et allsidig botilbud der positive bokvaliteter, lokal kultur, servicetilbud og lokalmiljøutvikling står i fokus.

11.3 Tjenestetilbud

Tjenester som krever nærhet til bruker, samt kunnskap og kjennskap til nærmiljøet, skal fortsatt leveres lokalt. Tjenester som innbyggerne har behov for i hverdagen skal hovedsakelig leveres der folk bor, som f.eks. grunnskole, barnehage, kulturskoletilbud, kulturarena, biblioteks- og fritidstilbud og sykehjem. Alle nevnte tjenester skal tilbys innenfor de geografiske områdene til Samnanger, Vaksdal og Osterøy kommuner. Noen oppgaver og tjenester er det mer hensiktsmessig å tilby i bydelsentrum, enten fordi de er spesialiserte eller for at sikre at sårbare tjenester får større kompetansemiljø og blir mer robuste.

Bydelsentrum i Indre Arna skal være det sentrale møtepunktet mellom tjenesteyter og bruker på bydelsnivå. I bydelsentrum skal det være en innbyggerservice der innbyggerne kan møte representanter for kommunen og der de kan få utført tjenester. Innbyggerservice skal etablere gode systemer for dialog med innbyggere, næringslivet og frivillige organisasjoner. Det skal være innbyggerservice også på Tysse, i Lonevåg og på Dale.

I bydelsentrum skal innbyggerne finne tjenester som f.eks. veiledning i byggesak, helsestasjon, PPT, koordinering av det bydelsvise flyktningarbeidet, barnevern, frivillighetssentral, psykiatri, og andre tjenestetilbud som blir for sårbare til å ligge mer desentralisert. Enkelte av disse tjenestene skal i tillegg tilby på Dale, Tysse/Haga og i Lonevåg, som f.eks. hjemmetjeneste, dagsentertilbud, operative deler av helsestasjonstjenesten, legetilbud og varig tilrettelagte arbeidsplasser. Listen er ikke uttømmende. Det skal etableres legevaktstasjon i Indre Arna som sikrer tilgang på legetjenester utover ordinær kontortid. Legevaktstasjonen har for tiden åpningstider klokken 16–22 på hverdager og 12–18 på helg og helligdager. Ved fastsettelse av åpningstid skal det tas hensyn til avstandene i bydelen. Det er ønskelig at bydelen må tilhøre samme lokalsykehus etter sammenslåingen.

11.4 Planlegging og infrastruktur

Samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging legges til grunn som et overordnet prinsipp for all utbygging. Det skal legges til rette for vekst i hele bydelen. For Osterøy, Vaksdal og Samnanger gjelder dette særlig i tilknytning til de eksisterende tettstedene/områdesentrene Valestrand, Haus, Lonevåg, Fotlandsvåg, Dale, Stanghelle, Stamnes, Vaksdal og Tysse–Bjørkheim. Det er ønskelig at NAV-kontorene på Tysse, i Lonevåg og på Dale videreføres.

Det skal være en overordnet prioritering å utvikle gode kommunikasjons- og kollektivtransporttilbud i bydelen, herunder god kapasitet for innfartsparkering i Arna. Det skal satses på grønn mobilitet gjennom utbygging av gang- og sykkelanlegg. Kommunen skal være en pådriver for utbygging av samferdselsprosjekt K5 for vei og jernbane mellom Bergen og Voss med direkte avkjørsel til Osterøy og Osterøybrua, ringveg øst, oppgradert fylkesveg 566 opp Vesetgjelet på Osterøy, og ellers pådriver for utbedring av samtlige fylkesveier. Videre skal kommunen være en pådriver for trafikksikringstiltak langs FV 7 gjennom Samnanger.

Digital infrastruktur blir stadig viktigere. Befolkning og næringsliv må sikres tilgang på bredbånd, og det må jobbes for å sikre en tilfredsstillende mobil- og bredbåndsdekning i hele bydelen.

11.5 Mulig grensejustering i Vaksdal kommune

Vaksdal kommune vil i perioden fram mot sammenslåing ta stilling til grensejustering i indre deler av kommunen. Dette skjer etter prosedyre i inndelingslova, og forhandlingsutvalgene stiller seg positivt til dette arbeidet.

11.6 Særlige inntekter

Konsesjonsavgiften er kompensasjon for ressursinngrep og skal settes av til bundne driftsfond i den nye kommunen til disposisjon for lokale tiltak/områdesatsing/næringsutvikling i de områdene som konsesjonen gjelder for. For Vaksdal gjaldt dette i regnskapsåret 2015 rundt 3 mill. kroner og for Samnanger rundt 0,9 mill. kroner.

Det er et mål å etablere et infrastrukturfond som skal benyttes til samferdsel, fiber- og bredbåndsutbygging og andre infrastrukturtiltak i kommunen. Finansieringen av fondet kan komme fra f.eks. konsesjonskraftmidler, eventuell skatt av nye kraftlinjer og arealavgift av nye oppdrettskonsesjoner. Fellesnemnda skal konkretisere retningslinjer for fondet.

12 Kommunen som arbeidsgiver

Kompetente ansatte med trygge og forutsigbare ansettelsesforhold danner grunnlaget for å kunne gi gode tjenester til innbyggerne. Kommunesammenslåingsprosessen skal ivareta de ansatte på en god måte. Kommunen har et stort behov for arbeidskraft og kompetanse. Det er viktig å legge forholdene til rette slik at arbeidstakerne ønsker å fortsette å jobbe i den nye kommunen.

Høy kompetanse og god kapasitet i fagmiljøer skal gi rom for en innovativ kommune, der sterkere fagmiljøer gir rekrutteringsfordeler og bedre muligheter for å møte framtidige behov.

Den nye kommunen skal jobbe for mangfold, integrering og inkludering. Kommunen skal ta samfunnsansvar gjennom å tilrettelegge for et inkluderende arbeidsliv og å sikre lærlingplasser.

Å etablere nye Bergen kommune betyr at ansatte får ny arbeidsgiver, jf. arbeidsmiljøloven

kap. 16. Ansatte som berøres av kommunesammenslåingen gis en ansettelsesgaranti i kommunen. Det vil si at ingen skal sies opp som følge av kommunesammenslåingen. Eventuelt overtallige skal tilbys andre oppgaver i den nye kommunen. Nye oppgaver og arbeidssted kan være aktuelt, dvs. at det formelt sett vil være endringsoppsigelser. Ansatte i topp- og mellomledernivåene vurderes særskilt, og eventuell overtallighet vil håndteres i tråd med lover og regler når den nye kommuneorganisasjonen er på plass.

Effektiviseringstiltak gjennomføres gjennom naturlig avgang. KS sine retningslinjer for omstilling skal legges til grunn for prosessen. Ansatte som får nye stillinger skal få tilbud om kompetanseheving i tråd med gjeldende avtaleverk.

Lønn skal harmoniseres innenfor samme enhet, innenfor rammene av lønnsoppgjørene og over tid. Ingen skal gå ned i lønn og de ansattes pensjonsrettigheter skal ikke forringes som følge av sammenslåingsprosessen.

Den nye kommunen skal vektlegge utvikling av et godt trepartssamarbeid. Med trepartssamarbeid menes i denne sammenhengen et tett samarbeid mellom politikere, administrativ ledelse og arbeidstakerforeninger for å utvikle de kommunale tjenestene.

Det opprettes et partssammensatt utvalg for behandling av saker som gjelder forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgiver og de tilsatte, i tråd med bestemmelsene etter kommunelovens § 25, arbeidsmiljøloven, inndelingslovens § 26 og Hovedavtalen.

13 Involvering og informasjon

Det skal legges til rette for god kommunikasjon som sikrer innflytelse for innbyggerne og de ansatte. Kommunenes innbyggere skal holdes løpende orientert om arbeidet og prosessen rundt sammenslåing.

14 Fellesnemnd

Det skal nedsettes en fellesnemnd, som har i oppgave å forberede oppstart av den nye kommunen. Dette skjer formelt ved behandlingen av stortingsproposisjonen om kommunereformen våren 2017. Fra vedtak om kommunesammenslåing i det enkelte kommunestyre/bystyre og fram til fellesnemnd nedsettes, opprettes det en politisk arbeidsgruppe som skal sikre framdrift og styring i forberedelsen av den nye kommunen. Arbeidstakerorganisasjonene vil bli invitert til egne samarbeidsmøter med arbeidsgruppen.


Det overordnede målet for fellesnemnda er å forberede, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere og bygge den nye kommunen. Fellesnemnda skal bestå av sentrale politikere fra hver kommune; henholdsvis 3 fra Samnanger kommune, 4 fra Vaksdal kommune, 5 fra Osterøy


kommune og 13 fra Bergen kommune. Det skal velges varamedlemmer fra hver kommune til fellesnemnda.

I tillegg skal det etableres et partssammensatt utvalg for sammenslåingsprosessen, med ansattrepresentanter fra hver av kommunene. Arbeidsgivers representanter i partssammensatt utvalg for sammenslåingsprosessen skal velges blant fellesnemndas medlemmer.


Den politiske arbeidsgruppen utarbeider forslag til fellesnemndas mandat.

Dale, 13. mai 2016


Harald Schjelderup
byrådsleder (Ap)
Bergen kommune



Jarle Skeidvöll
ordfører (KrF)
Osterøy kommune


Eirik Haga
ordfører (Ap)
Vaksdal kommune



Knut Harald Frøland
ordfører (Bygdalista)
Samnanger kommune


Marte Mjøs Persen
ordfører (Ap)
Bergen kommune


sign.



Alf Terje Mortensen
varaordfører (FrP)
Osterøy kommune


Anneli V. Lilletvedt
representant (H)
Vaksdal kommune



Øyvind Røn
varaordfører (Sp)
Samnanger kommune


sign.


Martin Smith-Sivertsen
grupeleder (H)
Bergen kommune


Johannes Bysheim
leiar (Ap)
Osterøy kommune

sign.


Kjartan Haugsnes
leiar (SV)
Vaksdal kommune


Jon Magne Bøgevik
representant (Uav.)
Samnanger kommune

Vaksdal kommune

Kunnskapsgrunnlag

Vaksdal som eigen kommune

Innhald

Mandat for utgreiinga	3
Prosess og alternativ i Vaksdal kommune.....	3
Kommunereforma	5
Utviklingstrender	7
Folketalsutvikling og behov	8
Økonomi	11
Framlegg til nytt inntektssystem	11
Økonomiske verkemiddel for kommunar som slår seg saman	11
Konsekvensar av nytt inntektssystem	12
Inntekter og utgifter	14
Eigedomsskatt og kraftinntekter	15
Fond	17
Lån og investeringar	17
Driftsutgifter	18
Samandrag.....	20
Kommunen som tenesteyter.....	21
Stortingsmelding nr 14 (St.meld nr 14, 2015) om nye oppgåver	21
Helse og omsorg	23
Oppvekst.....	26
Andre tenester	27
Framskrivning av sysselsettingsbehovet	28
Interkommunale samarbeid	28
Samandrag.....	31
Kommunen som samfunnsutviklar og utøvar av mynde	32
Samandrag.....	34
Kommunen som demokratisk arena	35
Samanfattande vurderingar	36
Kjelder	38

Mandat for utgreiinga

K- vedtak i sak 17/2016:

1. Kommunestyret sluttar seg til plan for utgreiinga slik den ligg føre

2. Kommunestyret vedtek særskilte fokusområde for utgreiing av dei to alternativa slik:

1. Vaksdal som no

- a. Konsekvensar av framlegg til nytt inntektssystem
- b. Sårbare tenester i høve kompetanse og kapasitet
- c. Mogelegeitetar og konsekvensar i høve interkommunale samarbeid
- d. Regional utvikling; mogelegheit og konsekvensar

2. Vaksdal saman med Osterøy og Bergen

- a. Arbeidet skal vere tufta på eit hovudprinsipp om likeverd mellom partana. Ein eventuell ny kommune skal etablerast, driftast og bli utvikla med utgangspunkt i kvar av kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar, og at likeverd, rause haldningar og forståing for kvarandre sin ståsted skal bli lagt til grunn ved utgreiingar og forhandlingar. Utvikling av nærdemokrati skal ha høg prioritet.
- b. Demokratisk nivå aust for Bergen, mogelege alternativ og erfaringar frå andre
- c. Regional utvikling; mogelegheit og konsekvensar
- d. Grensejustering; mogelegheit og konsekvensar
- e. Økonomi; mogelegheit og konsekvensar
- f. Vinstar for sårbare tenester
- g. Mogeleg effektivisering administrative kostnader
- h. Konsekvensar og mogelegheit for kjerneproduksjonen av tenestene som ligg tettast der folk bur; skule, barnehage, pleie- og omsorg
- i. Kultur og identitet

Alternativ 2 vert ivaretatt i intensjonsavtalen og gjennom kunnskapsgrunnlaget for kommunesamaslåinga .

Det er mange moment som er usikre og som kan påverke konsekvensane av reforma.

Det gjeld mellom anna:

- Framtidige oppgåver for kommunane
- Framtidig oppgåver og organisering av regionalt nivå
- Framtidig inntektssystem
- Framtidig kommunestruktur i resten av regionen
- Generelle usikre moment om framtidig utvikling

Prosess og alternativ i Vaksdal kommune

Utgreiingskriterier og mål for ny kommune

Utgreiinga skal på fagleg grunnlag kartleggje og analysere dei framtidige konsekvensane for innbyggjarane, dei tilsette og andre interessentar ved dei to alternativa, i samsvar med dei prioriterte områda for utgreiinga. Det vil stå sentralt her å vurdere om kommunen er rusta til å gje innbyggjarane best mogeleg tenester på kort og lang sikt.

I dette inngår spørsmålet om val av kommunemodell påverkar om kommunen får tilstrekkeleg makt og mynde til å levere gode tenester på kort sikt og samstundes leggje til rette for å hente ut

potensialet for utvikling dei neste, 10, 20, 30 åra og på lengre sikt. Kommuneplan/delplaner og økonomiplanen er lagt til grunn i arbeidet. Analysearbeid i organisasjonen t.d. SWOT analysar i leiargruppe og arbeidsgruppe er tatt med i vurderingane.

Utgreiingskriteriane

Ekspertutvalet sine ti kriterier, vurdert saman med dei kriteria som er særskilt valt for dei to alternativa:

Om kommunen er rusta til å gje innbyggjarane best mogeleg tenester på kort og lang sikt

- Tilstrekkeleg kapasitet – framtidig behov for interkommunalt samarbeid/selskap for å utføre tenester lovmessig og forsvarleg
- Relevant kompetanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Brei oppgåveportefølje frå staten
- Innovasjonskraft
- Nærleik til brukarane
- Tilstrekkeleg distanse innan utøving av mynde

Om kommunen er eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde

- Felles bu-, service- og arbeidsmarknad, pendling, arbeidsplassdekning
- Tilrettelegging for vekst og næringsutvikling
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging med effektiv arealbruk og eit og miljøvenleg transportsystem
- Naturleg geografisk tenesteområde
- Levekårsutfordringar på utsette område
- Samordna forvaltningspraksis for gitte felles ansvarsområder/interesser
- Behov for infrastruktur og harmonisering

Kommunen som demokratisk arena; politisk styringskapasitet, identitet og tilgjengelege tenester for innbyggjarane, profesjonalitet i administrativ styring

- Tilstrekkeleg distanse
- Grad av politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Behov for interkommunalt samarbeid
- Lokal identitet
- Alternative formar for deltaking
- Moglegheit for kommunedelsorganisering

Kommunen sin regionale rolle – konkurransedyktig region som bidrar til vekst og verdiskaping i heile fylket

- Nasjonal og regional rolle
- Moglegheit for å vere pilot/nyskapande på viktige samfunnsområder
- Påverknadskraft på nasjonalt nivå
- Høve til å vere med i nasjonale nettverk/program
- Tilretteleggar for regionalt næringsliv og kompetansmiljø
- Attraktivitet for vekst og attraktiv arbeidskraft

Kommunereforma

Regjeringa sine mål

Måla for kommunereforma er ein robust kommunestruktur og robuste velferdskommunar med:

- o Gode og likeverdig tjenester til innbyggerne
- o Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling
- o Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner
- o Styrket lokaldemokrati

Ekspertutvalet for kommunereforma skriv i sin sluttrapport «Kriteria for god kommunestruktur» (Ekspertutvalget, 2014) i desember 2014:

«Kommunereforma er en nasjonal reform som skal ivareta mange og ulike hensyn.

Viktige samfunnsmessige hensyn er at det skal være god kvalitet i de kommunale tjenestene, og at ressursbruken i sektoren er effektiv. Kvaliteten på tjenestene skal være likeverdig over hele landet. Rettssikkerhet er et sentralt hensyn i kommunenes myndighetsutøvelse. Videre er det et viktig hensyn at ivaretagelsen av areal- og transportinteresser er helhetlig og tilpasset klima- og miljøhensyn, og at det legges til rette for en positiv utvikling både i lokalsamfunnet og storsamfunnet. At kommunene har ansvar for betydningsfulle oppgaver og at staten legger til rette for rammestyring, er sentralt for et godt lokaldemokrati og for at kommunene skal kunne ivareta sine oppgaver på en mest mulig effektiv måte. Kommunene må ha muligheter til å prioritere ressursbruken lokalt, utvikle lokalsamfunnet, ha et levende lokalt folkestyre og være en aktiv lokalpolitisk arena».

Ekspertutvalet har satt opp 10 kriteria for kommunane som alle kommunar må vurdere:

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Kommunane si rolle som tenesteytar, myndigheitsutøvar, samfunnsutvikling og demokratisk areana er utgangspunkt for vurderingane.

Samfunnsmessige hensyn	Kriterier
TJENESTEYTING	
Kvalitet i tjenestene Effektiv bruk av samfunnets ressurser Likeverdighet	Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Effektiv tjenesteproduksjon Økonomisk soliditet Valgfrihet Statlig rammestyring
MYNDIGHETSUTØVELSE	
Rettsikkerhet	Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Tilstrekkelig distanse
SAMFUNNSUTVIKLING	
Helhetlig ivaretagelse av areal- og transportinteresser tilpasset klima- og miljøhensyn Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet	Funksjonelle samfunnsutviklingsområder Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse
DEMOKRATISK ARENA	
Betydningsfulle oppgaver og rammestyring Lokal politisk styring Levende lokalt folkestyre Aktiv lokal politisk arena	Høy politisk deltakelse Lokal politisk styring Lokal identitet Bred oppgaveportefølje Statlig rammestyring

I rettleiaren (KMD, 2014) heiter det at kommunereforma er ein velferdsreform og handlar om betre velferdstenester der folk bur no, både i notid og i framtid. Det handlar også om betre organisering i områder der innbyggjarar og næringsliv dagleg kryssar kommunegrensar, og der større kommunar vil kunne gje ein meir heilskapleg og god planlegging for innbyggjarane.

Utviklingstrender

Demografi

FN varslet i 2012 at det innan 2050 vil vera fleire eldre over 60 enn barn under 15 i verden. I rapporten «*Ageing in the 21st Century: A Celebration and A Challenge*» (FN, 2012) meiner FN at antall mennesker over 60 år vil nå to milliarder i løpet av de neste 30-40 år. Den kraftige veksten i andel eldre, kombinert med relativt færre i yrkesaktiv alder vil gi kommunane store utfordringar fram mot 2030-2040. Vaksdal har hatt ei tidleg «eldrebølge» som følgje av større folketal tidlegare, no er vi inne i ein periode med reduksjon i tal eldre. Frå 2025 vil dette talet gradvis auke att.

Klima og miljø

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane i verda i dag og utsleppa av klimagasser må raskt ned. Det krev store endringar innan mange sektorar. Nyare forskning viser at med dei utsleppa vi har i dag, så vil temperaturen stige med 3 grader innan år 2100. Nær alle land har slutta seg til målet om å avgrense den globale oppvarminga til to grader samanlikna med førindustrielt nivå. Konsekvensane er i følge fagmiljøa høgare gjennomsnittstemperaturar, meir ekstreme klimatiske forhold med kraftig, intens nedbør og kraftigare vindstyrke på grunn av dei globale klimaendringane. For kommunane vert det ei hovudutfordring framover å førebu seg og førebygga konsekvensar av klimaendringane.

Teknologi og digitalisering

Teknologiske løysingar og digitalisering blir karakterisert som ein megatrend for utvikling av samfunn og økonomi. Innafor alle område, i privat og offentleg verksend, kan teknologi bidra til effektivisering og endring. Arbeidsoppgåver og jobbar vert automatisert og digitalisert. I ei fersk stortingsmelding «Digital agenda for Norge» (Meld.St.27, 2016) er digitalisering trekt fram som eit viktig verkemiddel for auka produktivitet, innovasjon og omstilling i Norge. Offentleg sektor har eit stort potensial for å nyttiggjere seg teknologi. Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Vaksdal kommune m.a for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. I prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» skal teknologi bidra til aktivitet og deltaking heile livet. «*Bruk av velferdsteknologi i dei kommunale helse- og omsorgstenestene skal gi folk moglegheit til å meistra eige liv og helse og bidra til at flest mogleg med nedsett funksjonsevne kan bu lenger i eigen heim*»-sitat frå kommunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030.

Urbanisering

Urbanisering påverker kommunen sin rolle som samfunnsutvikler i stor grad gjennom behov for samordna og bærekraftig infrastruktur og transporttilbod. Dette krev gode transportsystem og målrettet styring av den heilskaplege areal- og transportpolitikken, samt innsats for å realisera potensialet for verdiskaping og innovasjon.

Globalisering


Auka mobilitet, innvandring, kommunikasjon globalt, auka handel og kultur på tvers av landegrenser og verdsdelar betyr at vi får et meir mangfaldig og fleirkulturelt samfunn. Auka globalisering medfører også auka konkurranse om å trekke til seg næringsaktivitetar og kompetent arbeidskraft. Her er byregionane sentrale aktørar, dei siste års utvikling viser at det er i byane den største folketalsveksten har skjedd og det er stor innpendling.

I den siste tida har flyktningestraumen til Europa auka kraftig grunna konflikter særleg i Midtausten og Nord-Afrika. I Norge har vi opplevd det største talet flyktningar sidan 2. verdenskrig. Busetjing må skje i kommunane landet rundt og Vaksdal har har i fleire år busett flyktningar i kommunen.

Folketalutvikling og behov


Folketalet har vore relativt stabilt i Vaksdal dei siste åra, men med større endringar i alderssamansetnad.

Utvikling i folketal og alderssamansetning er eit av dei viktigaste kriteria for den økonomisk utviklinga i ein kommune. I økonomiplanen er prognosar for folketalsutvikling i planperioden på 4 år lagt til grunn, men ein ser og på prognosar for 10 år fram.



Ut frå dei utviklingstrekk som er i kommunen vert lågalternativet lagt til grunn for prognosar for framtidig inntekter og tilpassing av tenestetilbodet.

Alternativet gir ein vekst for Vaksdal kommune: 0,4% til 2020 og 1,2% til 2026 og for landet : 2,8% til 2020 og 6,3% til 2026



Fram mot 2025 vil det vere redusert behov for ressursinnsats i helse og omsorg. På lenger sikt viser prognosane at talet på eldre er aukande.

Det er utvikla eit verktøy til hjelp med kunnskapsgrunnlaget for kommunereforma www.nykommune.no som samanliknar ulike data mellom kommunar jf. vedlagt rapport. Følgande oversikt er henta frå dette verktøyet.

Utvikling i innbyggertall

Historisk befolkningsutvikling fra 1972 til 2015 og framskrivning av befolkningsutviklingen i tre ulike alternativ frem mot 2040. Dataene er hentet fra SSB, mer informasjon om de ulike framskrivningsalternativene finnes på SSBs nettsider. For enkelte kommuner finnes det ikke historiske befolkningstall helt tilbake til 1972. Derfor begynner tidsserien for disse kommunene først når data er tilgjengelig

Historiske tal				
Kommune	1972	1980	2000	2015
Samlet	222926	220340	240694	287050
Vaksdal	5301	4851	4192	4096
Osterøy	5655	6579	7006	7842
Bergen	211970	208910	229496	275112

Fremskrivinger

2020			
Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
Samlet	295860	302029	309021
Vaksdal	4170	4249	4336
Osterøy	8461	8629	8798
Bergen	283229	289151	295887

2040			
Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
Samlet	316263	347101	397695
Vaksdal	4169	4604	5227
Osterøy	9924	10926	12414
Bergen	302170	331571	380054

Næring

Desse tala viser nærings sammensetning fordelt på primær, sekundær og tertiær næring i kommunane i 2014. Tall fra SSB.

Kommune	PRIMÆRNÆRING	SEKUNDÆRNÆRING	TERTIÆRNÆRING
Samlet	0	19	80
Osterøy	5	37	59
Vaksdal	3	29	68
Bergen	0	19	81

Sårbarhetsindikator - næringsliv

Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarksforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.

Kommune	SÅRBARHETS-INDIKATOR
Osterøy	11,8
Vaksdal	42,8
Bergen	0,9

Tabell: Arbeidspendling (SSBs pendlingstall for 2014)

Utpendling

Kommune	Arbeidstakere	Pendler ikke	1.	2.	3.	4.	5.	Andre
Samlet	153118	134351	Fjell 3097	Oslo 3066	Sokkelen 1888	Askøy 1284	Stavanger 946	8486
Osterøy	4030	2231	Bergen 1380	Lindås 74	Sokkelen 64	Vaksdal 40	Oslo 37	204
Vaksdal	1931	1039	Bergen 556	Voss 86	Sokkelen 52	Modalen 38	Oslo 18	142
Bergen	147157	128710	Fjell 3069	Oslo 3011	Sokkelen 1722	Askøy 1274	Stavanger 928	8393

Innpendling

Kommune	Arbeidstakere	Pendler ikke	1.	2.	3.	4.	5.	Andre
Samlet	170494	134351	Askøy 6626	Fjell 4980	Os (Hord.) 3946	Lindås 2048	Meland 1538	17005
Osterøy	2657	2231	Bergen 270	Lindås 27	Askøy 16	Vaksdal 15	Meland 15	83
Vaksdal	1341	1039	Bergen 110	Voss 73	Osterøy 40	Samnanger 23	Fjell 6	50
Bergen	166496	128710	Askøy 6609	Fjell 4968	Os (Hord.) 3933	Lindås 2015	Meland 1521	18740

Privat og offentlig sysselsetting (SSB)

Tabell: Andel sysselsatte i offentlig og privat sektor i kommunene i 2010, 2012 og 2014.

2010

Kommune	OFFENTLIG	PRIVAT
Samlet	29 %	71 %
Osterøy	34 %	66 %
Vaksdal	45 %	55 %
Bergen	28 %	72 %

2014

Kommune	OFFENTLIG	PRIVAT
Samlet	29 %	71 %
Osterøy	34 %	66 %
Vaksdal	45 %	55 %
Bergen	28 %	72 %

Økonomi

Eit av måla med kommunereforma er berekraftige og økonomisk robuste kommunar. Regjeringa peikar på at større kommunar vil ha større ressursgrunnlag og kan og ha meir variert folke- og næringsksamansetnad. Det gjer kommunane betre rusta for utføresette hendingar og utviklingstrekk. Berekraftige og økonomiske robuste kommunar vil leggja til rette for ei meir effektiv ressursutnytting innanfor avgrensa økonomiske rammer.

Ekspertutvalet la vekt på at dette omfattar å ha tilstrekkeleg økonomisk soliditet og effektiv tenesteproduksjon.

Framlegg til nytt inntektssystem

I kommuneproposisjonen for 2016 varsla regjeringa ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i samband med kommunereforma. Forslag til nytt inntektssystem er venta presentert i kommuneproposisjonen for 2017 med oppfølging i Statsbudsjettet for 2017. Deler av nytt inntektssystem har vore på høyring vinteren 2016 og justert framlegg er venta å kome i samband med kommuneproposisjonen i mai 2016.

I høyringsframlegget og seinare varsla justeringar vert det lagt opp til endringar i kostnadsnøklane, inkludert ein modell der det vert skilt mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper. Det vert vidare lagt fram forslag til endringar i regionalpolitiske tilskot og det vert gjort ei skildring av skatteelementa i inntektssystemet.

Etter departementet si vurdering bør ikkje kommunar verte kompensert for frivillige smådriftsulemper på kommunenivå. Smådriftsulemper på tenestenivå grunna busettingsmønster skal framleis kompenseraast.

Økonomiske verkemiddel for kommunar som slår seg saman

Inndelingstilskott

Inndelingstilskotet (overgangsordning i inndelingslova) skal sikre at kommunar ikkje får reduserte rammeoverføringar som følgje av ei samanslåing. Kommunar som slår seg saman vil gjennom inndelingstilskotet få full kompensasjon for basistilskot og for netto nedgang i regionalpolitiske tilskot (for oss distriktstilskotet). Den nye kommunen mottar fullt inndelingstilskot i 15 år før nedtrapping over 5 år. Inndelingstilskotet påverkar ikkje demografiske endringar i kostnadsnøklane.

Det vert i tillegg gitt støtte til samanslåingprosessen gjennom:

Reformstøtte

Kommunar som slår seg saman vil få reformstøtte. Reformstøtta går til alle samanslåtte kommunar med vedtak i reformperioden, med eit minstepeløp på 5 mill kroner pr. samanslåing. Støtta er differensiert etter innbyggjartal.

Modell for dekning av engangskostnader i reformperioden (kroner).

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
2 kommuner	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommuner	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommuner	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller flere kommuner	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Eingongsstøtte

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet vil dekkje naudsynte eingongskostnader ved samanslåinga etter ein standardisert modell.

Modell for reformstøtte i reformperioden (kroner).

Antall innbyggere i sammenslåingen	Reformstøtte
0-14 999 innbyggere	5 millioner
15 000- 29 999 innbyggere	20 millioner
30 000- 49 999 innbyggere	25 millioner
Over 50 000 innbyggere	30 millioner

Ved ei samanslåing med Bergen og Osterøy utgjer reformmidlane 75 mill til den nye kommunen, om Samnanger kjem til er det 85 mill.

Om Vaksdal held fram som eigen kommune fell desse midlane bort.

Konsekvensar av nytt inntektssystem

Forslag til nytt inntektssystem er venta presentert i kommuneproposisjonen for 2017 med oppfylging i Statsbudsjettet for 2017. Det står dermed att å sjå nøyaktige konsekvensar for inntektene til Vaksdal.

Nye kostnadsnøklar

Kostnadsnøklane vert nytta i utgiftsutjamninga. Målet med utgiftsutjamninga er å sette kommunane i stand til å gje innbyggjarane likeverdige og gode tenester. Dagens kostnadsnøklar var sist oppdatert i 2011. I framlegg til nye kostnadsnøklar er det nytta tall frå 2014, og det er foreslått at dagens delkostnadsnøklar vert vidareført (grunnskule, barnehage, pleie- og omsorg, kommunehelse, sosialhjelp, barnevern, landbruk, administrasjon og miljø). Kriteria i kostnadsnøkkelen kan i grove trekk delast opp i tre grupper; alderskriteria, sosiale kriteria og strukturelle kriteria. Alderskriteria og

sosiale kriteria seier noko om alderssamasetnad og levekårsdata i kommunane som påverkar etterspurnaden etter kommunale tenester. Strukturelle kriterier seier noko om variasjon i kostnadsforhold ved kommunen som kan forklare delar av kommunen sine utgifter, som kommunestørrelse og busettingsmønster.

I høyringsframlegg til nytt inntektssystem er det framlegg om endringar i delkostnadsnøklar som medfører at kostnadsindeksen for Vaksdal kommune vert endra frå 1,182 til 1,170 (2015 tal). Dette inneber redusert utgiftsutjamning for Vaksdal kommune på i overkant av 2,3 mill. Størstedelen av endringa er knytt til alderskriterier og sosiale kriterier. Det er venta større reduksjonar i åra som kjem som følge av demografiske endringar i kommunen, noko som krev tilpassing til endra behov og rammevilkår.

Basistilskot

I utgiftsutjamninga vert det gitt kompensasjon for smådriftsulempene som vert sett på som ufrivillige. Kommunestørrelse vert i mange tilfelle sett på som ei frivillig kostnadsulempe, og bør etter departementet si meining ikkje kompenseras fullt ut. I dag vert kompensasjon for smådriftsulemper gitt gjennom basiskriteriet. Alle kommunar får likt beløp pr kommune, om lag 13,2 mill. Små kommunar får dermed eit høgare beløp pr innbyggjar enn store kommunar.

Etter departementet si meining bør ikkje kommunane verte kompensert for frivillige smådriftsulemper. Det vert derfor føreslege eit strukturkriterie som skal kombinerast med basiskriteriet. Strukturkriteriet er eit mål på busettingsmønsteret i kommunen og områda rundt. Det er lagt til grunn gjennomsnittleg reiseavstand for å nå 5000 innbyggjarar. Strukturkriteriet fangar opp avstandar til kommunar rundt, og seier noko om kommunen ligg i sentrale område eller mindre sentrale område. Kommunane sin verdi på strukturkriteriet (dvs. reiseavstandane) gir ein indikasjon på om smådriftsulempene kan sjåast på som frivillige eller ufrivillige. Der reiseavstander er store er smådriftsulempene i større grad ufrivillige. Departementet viser til at bakgrunn for grensa på 5000 innbyggjarar er at forskning viser at det i hovudsak er kommunar med færre enn 5000 innbyggjarar som har smådriftsulemper knytt til lavt innbyggjartal. Strukturkriteriet vert utrekna ved å ta utgangspunkt i grunnkretsane i kvar kommune og befolkningstygdepunktet innan kvar grunnkrets. Sentralt i bruk av strukturkriteriet er val av reiselengde som vert sett for å nå 5000 innbyggjarar.

Vaksdal har ei reiselengd på mellom 16,5 og 25,4 km for å nå 5000 innbyggjarar og vil få ein gradert verdi på basiskriteriet og tape på denne endringa.

Regionalpolitiske tilskot

Det er varsla endringar i regionalpolitiske tilskot. Ei vriding mot at større del av tilskota skal fordelast pr innbyggjar vil kunne få størst reduksjon i tilskot til dei minste kommunane. Dess større del som vert fordelt pr. innbyggjar, dess større del vert omfordelt frå små til større kommunar.

For Vaksdal kommune er det endringar i distriktstilskot og innføring av eit Sør- Noreg tilskot som vil kunne ha økonomisk effekt. Endringa representerer ei forsiktig dreining av politikken frå kommunestorleik til reelle distriktpolitiske utfordringar.

Inntekter og utgifter

Driftsinntektene seier noko om kva rammer kommunen har for å yte tenester til sine innbyggjarar, og kva prioriterings- og valmogelegheit dei folkevalde har. Dei viktigaste inntektene for kommunen er: Rammetilskot og skatteinntekter, eigedomsskatt og inntekter knytt til kraftproduksjon.

I økonomiplan 2016-2019 er det lagt opp til reduserte inntekter som følge av endra folketalsamansetnad og reduksjonar knytt til kraftrelaterte inntekter. I økonomiplan vart det vist til følgjande endringar frå 2015:


	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Rammetilskot	-2 000 000	-3 500 000	-4 500 000	-6 000 000
Skatt	-	-	-	-
Eigedomsskatt	-2 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Konsesjonskraft	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Utbytte BKK	-	-	-	-
Sum	-6 000 000	-7 500 000	-9 500 000	-11 000 000
Endring i % frå 2015	-2,1 %	-2,7 %	-3,4 %	-3,9 %

Endringar i rammetilskot er uavhengig av endring i kostnadsnøklar, dette er endringar som følgje av lavare befolkningsvekst enn landet forøvrig og endringar i alderssamansetning. Etter at økonomiplanen vart vedtatt er inntektene frå sal av konsesjonskraft redusert med nærare 4 mill. Redusert overskot av sal av konsesjonskraft svekker inntektsgrunnlaget i planperioden.

	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Rammetilskot	-2 000 000	-3 500 000	-4 500 000	-6 000 000
Skatt	-	-	-	-
Eigedomsskatt	-1 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Konsesjonskraft	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000
Utbytte BKK	-	-	-	-
Sum	-9 000 000	-11 500 000	-13 500 000	-15 000 000
Endring i % frå 2015	-3,2 %	-4,1 %	-4,8 %	-5,4 %

Frie inntekter er inntekter som kommunane kan disponera utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Skatt på inntekt og formue og rammetilskot fra staten vert definert som frie inntekter

Dei frie inntektene pr innbyggjar har hatt redusert vekst, og frå 2014 til 2015 var veksten på 0,5%, noko som er lavare enn landet, fylket og Kommunegruppe 2 og 3. For 2015 ligg kommunen om lag på same nivå som Kommunegruppe 2 og 3.



Vaksdal kommune har høgare brutto driftsinntekter pr innbyggjar enn kommunar i kostragruppe 2, og litt lavare enn kommunar i kostragruppe 3. Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter og rammetilskot til alle sals- og leigeinntekter. Utvikling over tid er vist under.

Tabell driftsinntekter pr. innbyggjar(mot kostragruppe 2 og 3)

	Vaksdal	Kostra- gruppe 02	Kostra- gruppe 03
Brutto driftsinntekter i kroner per innbyggjar	96 718	85 461	96 872
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	57 273	55 528	56 740

Tabell: Samla driftsinntekter 2012 – 2016 (budsjett) NB R2015 er ikkje revidert

Økonomisk oversikt - drift	Budsjett 2016	Regnskap 2015	Regnskap 2014	Regnskap 2013	Regnskap 2012
Driftsinntekter					
Brukerbetalingar	17 192 760	18 479 597	18 040 928	17 774 270	17 570 468
Andre salgs- og leieinntekter	24 850 990	24 211 105	22 613 153	21 934 391	22 244 076
Overføringer med krav til motytelse	30 975 410	45 698 526	46 853 656	58 634 358	33 268 247
Rammetilskudd	146 000 000	142 298 131	142 818 026	138 240 207	134 948 461
Andre statlige overføringer	11 528 000	14 440 324	10 483 515	11 609 296	11 529 816
Andre overføringer	12 405 000	17 571 616	21 582 526	18 394 786	24 829 681
Skatt på inntekt og formue	95 000 000	95 145 248	91 771 314	91 730 546	86 569 583
Eiendomsskatt	32 000 000	34 329 376	35 855 044	35 199 803	31 400 026
Andre direkte og indirekte skatter	3 150 000	3 353 008	3 352 448	3 168 737	3 082 221
Sum driftsinntekter	373 102 160	395 526 932	393 370 610	396 686 394	365 442 579

Tabellen viser mellom anna at Vaksdal kommune har større del av inntektene frå eigedomsskatt, spesielt frå vasskraft. Kommunar i kostragruppe 2 har større andel av inntektene som kjem frå rammeoverføringar (innbyggjartilskot og utgiftsutjamning).

Tabell: Fordelinga mellom dei ulike inntektskildene. mot kostragruppe 2 og 3

	Vaksdal	Kostra- gruppe 02	Kostra- gruppe 03
Brutto driftsinntekter fordelt på inntektskilder, kommune-konsern			
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) i % av brutto driftsinntekter, konsern	23,2	24	23,8
- herav Naturressursskatt i % av brutto driftsinntekter, konsern	0	0,3	1,3
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter, konsern	36,1	41	34,8
Andre statlige tilskudd til driftsformål i % av brutto driftsinntekter, konsern	2,6	3,4	3,3
Eiendomsskatt i % av brutto driftsinntekter, konsern	9,1	2,7	6,9
- herav eiendomsskatt på annan eiendom	7,4	1,7	5,9
- herav eiendomsskatt på boliger og fritidseiendommer	1,7	1	1
Salgs- og leieinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	10,4	14	13,6
Andre driftsinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	13,5	14,3	15,6
Inntekter fra konsesjonskraft, kraftrettigheter og annan kraft for videresalg, i prosent av brutto driftsinntekter	-5,2

Eigedomsskatt og kraftinntekter

Kommunane har ein del inntekter utover rammeoverføringar frå staten, skatteinntekter og brukarbetalingar. Storleiken på desse inntektene varierer for den einstilte kommune. Nokre av desse inntektene vert samordna med dei statlege rammeoverføringane, medan andre inntekter ikkje gjer det. *Eigedomsskatt og andre kraftinntekter er lovheimla ordningar.*

- Konsesjonskraft – industrikonsesjonslova § 2 nr 12 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15
- Konsesjonsavgift – industrikonsesjonslova § 2 nr. 13 og vassdragsreguleringslova § 11 nr. 1
- Eigedomsskatt – eigedomsskattelova av 6. juni 1975 nr. 29
- Naturressursskatt – skattelova § 18-2

Naturressursskatten er ein del av det statlege inntektssystemet, medan dei øvrige ordningane ikkje vert samordna med inntektssystemet.

Når det gjeld lovheimla rettar til ein vertskommune for vasskraftutbyggingar, er den store hovudregelen at det ved ei kommunesamanslåing vil vere den nye kommunen som er rettssubjekt. Men det kan vere rom for forhandlingar for ressursbruken av inntektene.

Ei ev seinare deling av kommunen kan medføre at kraftrettar vert overført til ein annan kommune. Ev kompensasjon/overgangsordningar er regulert i inndelingslova.

Konsesjonskraft

Vertskommunen sin rett til konsesjonskraft er sett på som ein lovbestemt rett til ein varig andel av kraftproduksjonen. Konsesjonskrafta skulle opphøveleg sikre at ikkje berre byane, men også distriktskommunane skulle vere sikra elektrisk kraft. I dag er formålet å sikre vertskommunen ein varig fordel ved den kraftproduksjon som gjennom regulering er tatt i bruk av andre.

Eigarane (kraftselskapa) av konsesjonskraft er pliktig til å levere ein andel – inntil 10% av den krafta som vert produsert til dei kommunane som er berørt av kraftutbygginga (vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15 og industrikonsesjonslova § 2 nr. 12)

Kommunane sin rett til konsesjonskraft er avgrensa til behovet kommunane har for alminneleg elektrisitetsforsyning slik det målast hos sluttbrukar. Overstiger konsesjonskraftmengda kommunen sitt behov, blir resten av krafta (overskytande kraft) mellombels fordelt til Fylkeskommunen kor kraftanlegget ligg. «Alminneleg elektrisitetsforsyning» er i dag definert som alt forbruk av elektrisk energi til hushald, jordbruk og føretak med unntak frå kraftintensiv industri.

Vaksdal kommune har 70,471 GWh/år, av dette vert 63,55 GWh selt i kraftmarknaden og det resterande tek kommunen sjølv ut. Konsesjonskrafta skal leverast til sjølvkost, med tillegg av inmatings- og overføringskostnader. NVE bereknar «alminneleg forbruk», ev. overskotskraft vil vert overført fylkeskommunen.

Konsesjonsavgift

Ved konsesjonar gitt etter industrikonsesjonslova (ikl) eller vassdragsreguleringslova (Vregl) av 1917, pliktar kraftverkseigarane å betale ein årleg avgift til staten og til dei berørte kommunane. Kraftverk bygd etter reglane i vassressurslova frå 2000 kan også bli pålagt å betale konsesjonsavgift, viss midlere årsproduksjon er over 40 GWh (vrl § 19)

Føremålet med konsesjonsavgifta er både å gje kommunane ein del av verdiane som blir skapt ved utbygginga og/eller reguleringa, og dels meint som ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte. Det er NVE som bereknar avgifta som kraftverkseigarane må betale til kommunane.

Budsjettet beløp er 3,1 mill pr år i 2016-2019. Vaksdal kommune har ikkje lagt inn endringar i gjeldande økonomiplan. Må vurderast i samband med ny økonomiplan.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten har vorte redusert frå 35,5 mill i 2014 til 34 mill i 2015. I 2016 er det venta reduksjon på ytterlegare 1 mill, og deretter reduksjon med 1 mill i 2017 og 1 mill i 2018. Endringane er knytt til reduksjon i skatt frå verk og bruk, det er uvisst korleis det utviklar seg lenger fram, me så lenge kraftprisen er låg og det pågår store investeringar, vil skattegrunnlaget vere lågt. For verk og bruk (vasskraftproduksjon) er det maksimal sats på 7 promille. For hus og fritidsbustader er det i dag 3,5 promille. Kommunen skal omtaksere i 2019 med verknad frå 2020.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primærkommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen.

Naturressursskatten sjåast i saman med inntektsskatt frå forskotspliktige, og vert ein del av det statlege inntektssystemet. Dette inngår i sentral skatteordning. Vert ikkje påverka av lokal eigedomsskatt.

Fond

Fondstype	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014	31.12.2015
Disposisjonsfond	46 678 646	56 539 011	67 533 681	67 423 402
Bundne driftsfond- k.to 2.51	24 539 031	28 350 136	37 198 718	37 079 499
Ubundne investeringsfond – k.to 2,53	70 353 178	42 143 911	39 786 674	39 561 643
Bundne investeringsfond – k.to 2.55	6 275 883	8 488 193	4 007 774	4 629 879
Totalt fond pr. 31/12	147 846 738	135 521 251	148 526 846	148 694 423

Av disposisjonsfondet er om lag 44,5 mill er avsett til amortiseringsfondet. Amortiseringsfondet skal dekke framtidige pensjonsforpliktingar og ev tap på verdipapir. Premieavvik er differansen mellom årets betalte pensjonspremier og berekna pensjonskostnad. Kommunesektorens pensjonspremier skal dekkja dei auka pensjonspliktingane som har påløpt i løpet av året og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp. Den betalte premien vil mellom anna avhenge av avkastninga pensjonsleverandøren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året. Premiane kan derfor svinge frå år til år. Premieavviket pr 31.12.2015 er 45,7mill om lag som avsett i amortiseringsfondet til framtidige pensjonsforpliktingar.

Lån og investeringar

Med investeringar frå økonomiplanen 2016-2019 vil lånegjelda auka med om lag 186 mill. Dette vil gje oss auke i rente og avdrag. I tabellen under er det lagt til grunn ein budsjettrente på 4% for 2017-2019, men vi har for tida lave renter. Høgt låneopptak vil gje auka risiko ved auka renter.

	BUD 2016	ØPL. 2017	ØPL. 2018	ØPL. 2019	SUM 2016-2019
SUM INVESTERINGAR	63 965 000	80 100 000	90 150 000	97 350 000	331 565 000
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	825 000	-	-	-	825 000
Bruk av ordinære lån	46 390 000	53 583 000	61 599 000	67 359 000	228 931 000
Samla låneopptak	49 215 000	55 583 000	63 599 000	69 359 000	237 756 000
Sal av fast eigedom	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
Frå fond	-	-	-	-	-
Frå drift	957 000	7 497 000	7 521 000	7 521 000	23 496 000
Frå MVA	12 793 000	16 020 000	18 030 000	19 470 000	66 313 000
Lån IB	266 000 000	300 015 000	338 398 000	382 697 000	
Lån IB + nytt låneopptak	315 215 000	355 598 000	401 997 000	452 056 000	
Avdrag	13 800 000	15 800 000	17 900 000	20 100 000	67 600 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000
Sum avdrag	15 200 000	17 200 000	19 300 000	21 500 000	73 200 000
Netto lånegjeld etter avdrag	300 015 000	338 398 000	382 697 000	430 556 000	
Renteutgifter gamle og nye lån	7 700 000	14 200 000	16 100 000	18 000 000	56 000 000

Pensjon

Lave renter og lengre forventade levealder gir høgare pensjonsutgifter for kommunen.

Tabell 2015

		Vaksdal	KG 3	Fylket	Landet	KG 2
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	%	200,1	219,6	202,6	215,0	221,2
- herav Pensjonsforpliktelse i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	%	135,1	128,1	109,9	117,1	128,0

Samanlikna med andre har Vaksdal kommune eit stort oppsamla premieavvik.

Driftsutgifter


Vaksdal har om lag same driftsutgifter per innbyggjar som kommunegruppe 3 og har høgare driftsutgifter enn kommunegruppe 2.

Tabell: Samla driftsutgifter pr. innbyggjar

		Vaksdal	KG 3	KG 2
Brutto driftsutgifter i kroner per innbyggjar, konsern	Kroner	94 105	96 575	74 388
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbyggjar, konsern	Kroner	80 611	80 334	59 562

Diagrammet og tabellen under viser nærare kva utgiftene i kommunen går til.

Diagram: Fordelte utgifter 10 største tenester i 2015



Tabell: Fordelte utgifter

	Vaksdal	KG 3	KG 2
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i % av totale netto driftsutg., konsern	6,8	11,3	10,5
- herav Netto driftsutgifter styring og kontrollvirksomhet, i % av totale netto driftsutg., konsern	1,3	1,5	1,6
- herav Netto driftsutgifter administrasjon, i % av totale netto driftsutg., konsern	5,5	9,7	8,8
Netto driftsutgifter, barnehage, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	9,8	11,0	11,5
Netto driftsutgifter, grunnskoleopplæring, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	21,6	24,0	24,0
Netto driftsutgifter, helse og omsorg, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	49,7	38,3	38,0
Netto driftsutgifter, sosialtj., i % av totale netto driftsutgifter, konsern	0,7	3,6	3,5
Netto driftsutgifter, barnevern, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	2,2	3,3	3,3
Netto driftsutg, vann, avløp, renovasjon/avfall, i % av tot netto driftsutg., konsern	-0,3	-0,8	-0,4
Netto driftsutg, fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø, i % av totale netto driftsutg., konsern	1,4	1,1	1,2
Netto driftsutgifter, kultur, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	3,8	4,3	3,4
Netto driftsutgifter, kirke, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	1,6	1,5	1,6
Netto driftsutgifter, samferdsel, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	3,1	2,6	2,1
Netto driftsutgifter, bolig, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	-0,3	-0,1	-0,4
Netto driftsutgifter, næring, i % av totale netto driftsutgifter, konsern	-0,3	-0,3	0,5
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i % av totale netto driftsutg., konsern	2,5	1,7	1,5
Netto driftsutgifter, tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvar, i % av tot nto driftsutg., konsern	0,6	0,1	0,0


Tabell: Finansielle nøkkeltal 2015 i Vaksdal, Osterøy og Bergen

	Vaksdal	Osterøy	Bergen
Netto driftsutg adm. i % av totale nto driftsutg.	5,5	8,5	5,9
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,4	1,4	3,0
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekt	3,7	2,8	3,1
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	17,1	0,0 (2014)	3,0
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	51,3	47,5 (2014)	69,5

Mogelege innsparingar

Kommunesamanslåingar har erfaringsmessig vist seg å gje det største potensiale for effektivisering innan administrasjon. Det er fordi ein gjennom ei samanslåing får ein administrativ og ev politisk organisasjon, og at ein unngår doble funksjonar, rutinar og system på ulike område. Dei minste kommunane har oftast høgare utgifter pr. innbyggjar, noko som viser at det er eit effektiviseringspotensial i å slå saman små kommunar.

Ekspertutvalet viste til at når ein nærmar seg kommunestorleik på 15 – 20 000 innbyggjarar vil stordriftsfordelane ved administrasjon i stor grad vere realisert. Reduksjon i administrasjonsutgifter ved kommunesamanslåing vil ein kunne hente ut vesentleg tidlegare enn dei 15 åra kommunen får behalde inndelingstilskottet etter dei økonomiske støtteordningane for reforma.



Kostra-tal for 2015 viser at Vaksdal har låge administrasjonskostnader samanlikna med kommunar på vår storleik.

Ved å halde fram som eigen kommune vil effektiviseringspotensialet på administrasjon vere lite. Det er krav om ein rekkje funksjonar ein kommune må ha, og det er hovudårsaka til at mindre kommunar har høgare administrasjonskostnader pr. innbyggjar.

Tabell: Driftsutgifter pr. innbyggjar i Vaksdal, Osterøy og Bergen (Kostra 2015- førebels tal)

Driftsutgifter pr innbyggjer	Vaksdal	Osterøy	Bergen
100 Politisk styring	735	379	270
110 Kontroll og revisjon	112	141	22
120 Administrasjon	3000	7589	2432
121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga	590	116	418
130 Administrasjonslokale	360	263	270

Det er også eit potensiale i høve tenesteproduksjon. Ekspertutvalget viser til analyser frå Senter for økonomisk forskning som anslår potensialet for effektivisering til 15% for kommunane samla innafor barnehage, skule og pleie og omsorg. Regjeringen synleggjer i sine berekningar i samband med kommuneproposisjonen 2017 forventningar om minimum 0,5% effektivisering i kommunane i 2017.

Kommunal organisering har vore gjeldande sidan 01.01.2014. Etter to år med erfaringar har organisasjonen sett seg og det er potensiale for å strømlinje og spisse organiseringa med tenestemråde ytterlegare. Innafor pleie- og omsorg er det naturleg å syte for at organiseringa er i samsvar med målsetnadene i prosjekt Lev Vel i Vaksdal – Meistring, aktivitet og deltaking heile livet.

Tilpassing til endra rammevilkår som eigen kommune krev tiltak og legg press på å utnytte inntekspotensiale så vel som kostnadsreduksjonar.

Inntekspotensiale som kommunen rår over (delvis regulert)

Auke bruk av sjølvkost der det er mogeleg

Auka eigedomsskatt

Auka brukarbetalingar der det er mogeleg

Auke avgifter og gebyr

Mogeleg kostnadsreduksjonar

Effektivisering og best mogeleg organisering

Justere tenestetilbodet innafor ramma av det lovpålagte

Redusere eller fjerne «ikkje lovpålagte tilbod»

Økonomiplanen for 2016 – 2019 viser strategiane kommunestyret har valt for å redusere kostnadene på drift tilsvarande reduserte inntekter. Økonomiplan 2017 – 2020 vil gje det totale biletet med føresetnader frå kommuneproposisjonen 2017 som ligg føre medio mai. Førebelse KOSTRA tal for 2015, årsrekneskap og årsmelding er det faktabaserte grunnlaget for arbeidet.

Samandrag

Kommunen står framfor store utfordringar økonomisk som eigen kommune. Inntektsgrunnlaget vert sterkt svekka dei komande åra og større omstillingar er nødvendig. Samtidig slit kommunen med eit stort vedlikehaldsetterslep og behov for investeringar. Ein ev større vekst i folketalet noko fram i tid som følgje av K5 vil auke investeringsbehovet. Lånegjelda er aukande og kommunen har store pensjonsforpliktingar i framtida.

Inntektssystemet vert lagt om og meir av midlane vert overført vekstkommunar. Vaksdal vert i mindre grad kompensert for smådriftsulemper. Demografiske endringar fører til reduksjon i inntektene. Vaksdal er ein skattesvak kommune med inntekter under snittet, men inntekter knytt til kraftproduksjon vert brukt for å sikre tenestetilbodet til innbyggjarane. Desse inntektene er sterkt redusert som følgje av konjunkturar og låge straumprisar. Samla vil endringane kreve store omstillingar og ei rask tilpassing til endra rammevilkår for å halde økonomien i balanse framover.

Kommunen som tenesteyter

Kommunane har i dag ei brei oppgåveportefølje og er blant dei mest komplekse organisasjonar målt i antal og art av oppgåver. Som eksempel på store tenester trekkjer ekspertutvalet fram fastlegeordninga, pleie- og omsorgstenester, helsestasjon, grunnskule, SFO, barnehage og sosiale tenester. Som eksempel på meir spesialiserte tenesteområder nemner dei spesialundervisning, pedagogisk – psykologisk teneste (PPT), barnevern, brann- og eksplosjonsvern, renovasjon, rusarbeid og psykisk helsearbeid, kulturskule, bibliotek, vei, vann og avløp. Kommunereforma har uttrykt mål om å få større og sterkare kommunar som er i stand til å ta på seg nye oppgåver.

Stortingsmelding nr 14 (St.meld nr 14, 2015) om nye oppgåver

Regjeringa legg i stortingsmeldinga om nye oppgåver for kommunane opp til at generalistkommunen framleis skal vere hovudmodellen for kommunesektoren, og at nye oppgåver som hovudregel skal overførast til alle kommunar.

I tillegg er det i gong ein rekkje prosessar som omfattar ansvarsdelinga mellom forvaltningsnivåa og som vurderer oppgåver overført til kommunane:

- Oppgåve- og finansieringsansvaret i barnevernet
- Utgreiing av familieverntenesta med sikte på overføring av ansvaret til kommunane
- Oppgåver på politiområdet
- Ansvarsfordeling mellom forvaltningsnivåa for det offentlege vegnettet
- Stortingsmeldinga om primærhelsetenesta
- Opptrappingsplanar for rus- og rehabiliteringsfeltet
- Finansieringsansvaret for pasienttransport
- Reformarbeidet knytt til pleiepengar, hjelpestønad og omsorgsløn
- Forenkling av utmarksforvaltninga
- Utviklingsavtalar på planområdet
- Forenkling av plandelen av plan- og byggelova
- Konesjonshandsaming av mikro- makro og småkraftverk
- Endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag
- Regelverket om vass-scooter

I Stortingsmeldinga vert det lagt til grunn at større og meir robuste kommunar er ein føresetnad for overføring av oppgåver. Under Stortingsbehandlinga vart det slått fast at generalistkommuneprinsippet ligg fast som hovudregel for kommunesektoren. Stortingsfleirtalet er samstundes oppteken av å unngå ujamn kvalitet på offentlege tenester som følgje av for store ulikskapar i kompetanse, inntekter og andre lokale ressursar. Interkommunalt samarbeid kan vere turvande når det gjeld økonomi og tenestekvalitet men gir utfordringar når det gjeld styring og kontroll. Fleirtalet meiner at omfanget av interkommunale samarbeid må avgrensast og kommunar som ikkje er i stand til å utføre sine lovpålagte oppgåver bør slå seg saman med aktuelle nabokommunar, og ved det sikre betre folkevalt styring i ein større kommune.

Stortingsfleirtalet gjekk inn for å overføre desse oppgåvene til kommunane:

- Barnevernet
- Konesjonshandsaming av mikro,- mini,- og småkraftverk
- Habilitering og rehabilitering
- Psykisk helse- og distriktpsikiatriske sentre
- Klima- og miljøforvaltning
- Tilskot til frivilligesentralar


- Tannhelseteneste
- Notariusoppgåver
- Adresse- og skiltpolitikk
- Tilskottsordning for etablering i eigen bustad og tilpassing av bustad
- Heilskapleg miljøgebyr
- Skuleskyss

Regjeringa la fram oppgåvemeldinga vinteren 2015. Det er lagt opp til at det i første halvår 2017 kjem ei ny stortingsmelding som omhandlar struktur for kommunar og endeleg handsaming av oppgåver til kommunal sektor. Det er også varsla at det våren 2016 kjem ei stortingsmelding om fylkeskommunens og fylkesmannens struktur og oppgåver.

TJENESTEYTING	
SAMFUNNSMESSIGE HENSYN	KRITERIER
Kvalitet i tenestene	Tilstrekkelig kapasitet
Effektiv bruk av samfunnets ressurser	Relevant kompetanse
Likeverdighet	Effektiv tenesteproduksjon
	Økonomisk soliditet
	Valgfrihet
	Statlig rammestyling

Tenesteproduksjonen kan omtalast i høve ulike mål. Det gjeld effektivitet, kor godt tenestene er tilpassa innbyggjarane sine ynskjer og behov, og kva for målbar kvalitet det er på tenestene. Auka forventningar frå innbyggjarane og nye statlege krav også til styring av tenestene leiar til eit stadig aukande behov for kompetanse og kvalifikasjonar i kommunane. Kvalitet på tenester eit viktig tema ved vurdering av kommunestruktur og interkommunalt samarbeid. Ein viktig målsetnad med kommunereforma er å sikre likeverdige tenester uavhengig av kommune.

Allereie i dag er utfordringa for kommunen mellom anna tilgang på tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å yte tenestene. Redusert inntektsgrunnlag for kommunen utfordrar dette framover.



I kommunane er det primært tenestene barnehage, grunnskule, lokale helsesenter og pleie- og omsorg som utgjer dei mest ressurskrevjande tenestene. Nasjonalt går mellom 60 - 75% av talet årsverk og kommunen sitt totalbudsjett til desse sektorane.

Kakediagrammet viser at Vaksdal (2015) brukar størstedelen av sine totale utgifter til tenester innan barnehage, skule og helse og omsorg.

For dei fleste av dei nye oppgåvene som er foreslått vil kommunen ikkje ha kapasitet eller kompetanse til å utføre dei. Risikoen for å ikkje handtere kostnader ved å løyse oppgåvene og ikkje vere konkurransedyktig i høve rekruttering er då høg. Særleg kan det vere ei utfordring å vere i konkurranse med større, og då vurdert meir attraktive, fagmiljø i nabokommunane. For dei fleste av oppgåvene er truleg brukargruppa ikkje så stor, men det stiller store krav til kvalitet, spisskompetanse, nettverk og finansiering. Eit døme er krava lista opp i primærhelsemeldinga: Frå 2020 skal alle kommunar ha tilbod om psykolog. Frå 01.01.2017 skal kommunane ha tilbod om øyeblikkeleg hjelp seng for menneske med psykiske lidingar. Allereie viser ny akuttmedisinsk forskrift kompetansekrav til legetenesta også i legevakt, gjeldande frå 01.07.2015.

Skal Vaksdal halde fram som eigen kommune, må ein då truleg måtte inngå fleire interkommunale samarbeid. Det er ikkje i tråd med kommunereforma, men regjeringa har samstundes varsla at det kan vere aktuelt å innføre ein lovheimel for kommunar som mellom anna på grunn av store avstandar veljar å ikkje slå seg saman med nokon. Det er også ein risiko i at det er krevjande å etablere gode interkommunale samarbeid og kommunar det kan vere aktuelt å inngå interkommunale samarbeid med kan ha liten kapasitet og interesse for det i ei tid der fokus meir er på god gjennomføring av kommunereforma.

Prosjektet Lev Vel i Vaksdal er eit viktig døme på innovasjon og utvikling av tenestene, bruk av teknologi og meistringskompetanse. Det gir utvikling også av måten tenestene kan gjevast i framtida og samla vert dette sentrale spørsmål for korleis kommunen skal takle framtidig behov for tenester innan dei store lovpålagte tenesteområda. Like fullt vert det allereie vurdert å vere sårbare når det gjeld kapasitet, kompetanse, framtidig rekruttering og tilstrekkeleg fagmiljø.

Helse og omsorg

Kommunen står framfor store utfordringar og viktige strategiske val i åra framover innan helse og omsorg. Kommunedelplan helse og omsorg 2015-2030 skildrar utfordringar og gi grunnlag for prioritering av ressursar, planleggings- og arbeidsoppgåver og konkretisera retning og tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Planen skal danna grunnlag for kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet innan helse- og omsorgstenestene. Kvalitet vert nådd gjennom å innarbeida helsefremjande og rehabiliterande element i alle helse- og omsorgstenestene i Vaksdal, og gjennom kunnskapsbasert arbeid, god samhandling og nytenking sett i system. Kapasitet vert sikra gjennom differensiering og målretta utvikling av helsetilbodet.

«Morgendagens omsorg skal skapes og utvikles sammen med brukere, pasienter og pårørende i et samspill med frivillige, ideelle og private aktører. Fundamentet skal være god kompetanse, godt lederskap og flerfaglig samarbeid. Tjenestene skal drives effektivt og innovativt tilpasset pasienter og brukeres behov, i kombinasjon med å være inspirerende og rekrutteringsattraktive fagmiljøer» (Omsorg 2020)

Primærhelsetenestemeldinga (2014-2015) vart lagt fram våren 2015 for handsaming i Stortinget. Målet med denne er å skapa ei heilskapleg helse- og omsorgsteneste i kommunane. Pasientar og brukarar skal verta møtt med fleirfagleg og tverrfagleg kompetanse, og betre samhandling mellom det offentlege, private og frivillige skal auka kvaliteten på tenestetilbod. Fleire arbeidsoppgåver og ytterligere behandlingsansvar skal overførast frå spesialisthelsetjenesten til kommunane. Kravet til spesialisert kompetanse er ei utfordring for mindre kommunar allereie i dag, framover ser vi det som den største utfordringa for Vaksdal. Det er og vil truleg også framover vera knappheit på denne type kompetanse, å rekruttere og behalde slik kompetanse i konkurranse med større fagmiljø blir krevande for Vaksdal som liten kommune.

«De kommunale tjenestene er viktige, og blir i årene fremover stadig viktigere for å møte de samlede utfordringene og befolkningens behov for helse- og omsorgstjeneste» (Primærhelsetenestemeldinga)

Den store overordna utfordringa vert gapet som vil oppstå mellom krav eller behov og dei tenester det offentlege kan yta. Endringar i folkesamansetnad og sjukdomsbilete vil utfordre dei ressursane kommunane har innanfor økonomi, personell og kompetanse. Det vert også peika på at tenestene er lite heilskaplege, og at ein treng meir koordinering og samarbeid, og at det store fokuset som er og har vore på behandling går på bekostning av førebyggjande og rehabiliterande innsats.

Kommunedelplanen skildrar desse hovudutfordringane

- Fleire eldre kombinert med knappheit på ressursar og tenesteytarar
- Fleire yngre brukarar og fleire brukarar med meir komplekse behov
- Motivera og tilretteleggja for ansvar for eiga helse og størst mogeleg grad av aktivitet og deltaking
- Frivillig innsats og deltaking
- Utvikling og nyskaping
- Nyttå mogelegheitene som opnar seg med nye teknologiske løysingar

Kommunen har rigga prosjektet *Lev Vel i Vaksdal* for å møte desse utfordringane på best mogeleg måte i framtida. Det vert lagt til grunn store endringar i tenesta og det vil krevje omstillingar og endring for både brukarar og tilsette.

Tabell: Pleie og omsorg - prioritet, dekningsgrad, produktivitet (KOSTRA 2014/ 2015 førebels tal)

Prioritering, dekningsgrad, produktivitet	Vaksdal		Hordaland		Landet	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	29 698	28 828	16 234	15 927	16 045	16 045
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	13	17	14	16	19	20
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	102	116	63	64	69	68
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	395	392	325	327	331	326
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	20,5	21,3	20,3	20,1	18,7	18,5
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon, kroner	3 391	3 235	3 051	3 016	3080	3120
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, kroner	867	909	996	1 023	1 053	1 057
	257	178	646	456	433	404
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester, kroner	229	220	261	246	238	236
	638	746	022	708	293	352

Som vist brukar kommunen ein stor del av sine ressursar innan helse og omsorg i dag. Reduserte inntekter framover vil krevje sterkare prioriteringar og tilpassingar innan dette tenesteområdet.

Folkehelseprofil 2015

Folkehelseinstituttet lagar og offentleggjer folkehelseprofilar for kommunane, der dei samanliknar ei rekkje helseindikatorar. På særleg tre felt skil Vaksdal sin Folkehelseprofil 2015 seg tydeleg negativt frå landsnittet. Det gjeld drikkevatt, hjarte- og karsjukdomar og personskader som krev sjukehusbehandling. På andre område ligg Vaksdal likt med landsnittet, til dømes andelen born som bur i hushald med låg inntekt, fråfall frå vidaregåande utdanning, andel 5.klassingar på lågaste mestringsnivå i rekning, forventa levealder for kvinner.

Tabell: Levkårsdata (KOSTRA 2014/2015 førebels tal)

Levekår	Vaksdal		Hordaland		Landet	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Andel skilte og separerte 16-66 år, %	9,6	9,3	9,4	9,3	10,9	10,8
Andel enslige forsørgere med stønad fra folketrygden	1,3	-	1,6	-	1,6	-
Andel uførepensjonister 16-66 år	10,8	-	7,5	-	8,8	-
Andel enslige innbyggere 80 år og over	65,7	65,6	63,7	63,2	64,8	64,4
Innflytting per 1000 innbyggere	34,4	42,9	51,1	50,5	59,6	60,0
Utflytting per 1000 innbyggere	42,5	33,0	44,1	45,7	52,2	54,3
Andel innvandrerbefolkning	7,6	8,7	13,2	13,8	15,6	16,3
Andel av befolkningen som bor i tettsteder	71,9	-	81,3	-	79,6	-
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år	-	1,4	-	2,2	-	2,0
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-29 år	2,2	-	1,8	-	2,2	-
Andel av befolkningen 20 - 66 år som pendler ut av bostedskommunen	36,9	-	32,9	-	29,6	-

I Hordaland fylke sin risikoindeks for 2015 er Vaksdal og Fedje dei kommunane som kjem ut med høgast risikoindeks.

År vekt	Rang «Kommune-rang»			Grunn-skole	Snittal-der	Einefor-sørgja-rar	Låginn-tekt	Folke-vekst	Arbeids-beids-plass-dekning	Risikoindeks	
	2015	2012	2015	28%	22%	19%	18%	9%	7%	2012	2015
Fedje	1	1	1	100	95	100	32	82	36	65	81
Vaksdal	2	2	2	100	78	76	58	80	73	64	80

Kommunen har små fagmiljø innan tenester som barnevern, psykisk helse og rus, sosial og helsestasjon. Tenestene er sårbare og det er vanskeleg å rekruttere og behalde tilstrekkeleg kompetanse samt å viderutvikle tenestene. Nasjonane satsingar som t.d midlar til fleire helsesøstre utgjør om lag 10% stilling i Vaksdal, ei styrking som er vanskeleg realiserbar. I forhold til kommunestorleik har Vaksdal hatt økonomi til å prioritere desse tenestene høgare enn det som ligg i overføringane frå staten. Når økonomien framover vert sterkt svekka vert det utfordrande å halde oppe denne satsinga.

Tabell: Helse og sosial - prioritet, dekningsgrad, produktivitet (KOSTRA 2014/2015 førebels tal)

Prioritering, dekningsgrad, produktivitet	Vaksdal		Hordaland		Landet	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3698	3187	2157	2218	2284	2348
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år, kroner	7612	7905	6854	6991	7437	7804
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, kroner	3183	2658	1513	1563	1587	1636
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere	10,8	10,7	9,7	10,1	10,3	10,4
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere	8,7	9,9	8,5	8,7	8,9	9,0
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	8071	8098	7375	7587	8145	8568
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år	67,2	-	64,5	-	62,4	-
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere	7,6	-	4,3	-	4,2	-
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, kroner	1124	1259	2014	2078	1907	1953
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,9	3,9	-	3,5	3,9	3,9
Netto driftsutgifter til barnevern per innbygger	962	1430	1733	1825	1744	1807

Oppvekst

Kommunen har 4 kommunale barnehagar i sentra Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal og 5 skular fordelt på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. For elevane frå Eidsland krins kjøper kommunen skuleplassar i Modalen for dei som ynskjer det. I kommunedelplan oppvekst er kvalitet i fag, prosessar og struktur hovudmålet.

Grunnskule

Utviklinga i barnetalet i planperioden vil gje få elevar på kvart trinn i barneskulane. Dette utfordrar den fagleg kvaliteten i skulane våre. Kommunen har ingen fulldelte barneskular. Rektorane og skuleleiinga har peika på dei utfordringane utviklinga i barnetalet og inntektene våre vil gje for skulen vår i framtida. Dei har tilrådd ei nytenking rundt skulestruktur for å kunne sikre eit fagleg godt tilbod som gir godt læringsutbytte for elevane i kommunen, saman med effektiv skuledrift.

I vedtak om gjeldande økonomiplan i juni 2015 vedtok kommunestyret ei utgreiing om skulestruktur. Ei heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skulle leggjast vekt på skulle utarbeidast. Målet er ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur. Utgreiinga vert lagt fram for behandling i kommunestyremøte i juni 2016.

Kostnadsnøklane i det nye inntektssystemet kompenserer i mindre grad avstand og desentralisert drift i små kommunar. Samtidig varslar regjeringa auka fokus på fagleg krav i grunnskulen. Små kommunar med lågt barnetal og fleire skular vil få vanskar med å opprettehalde ein slik struktur.

Grunnskulepoenga for elevane som går ut av 10. årssteg er framleis svake og medan resten av landet auka grunnskulepoeng, gjekk Vaksdal i 2015 litt tilbake.

Tabell: grunnskule - prioritet, dekningsgrad, produktivitet (KOSTRA 2014/2015 førebels tal)

Prioritering, dekningsgrad, produktivitet	Vaksdal		Hordaland		Landet	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	38,6	37,3	40,9	41,4	40,4	40,8
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående oppl.	100,0	95,5	98,2	98,2	98,0	98,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	11,7	14,2	14,0	13,9	13,8	13,7
Netto driftsutgifter til grunnskole per innbygger, kroner	11625	11536	9940	10157	9741	9887
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt, %	17,1	15,7	16,5	16,7	17,3	17,5
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, per elev, kroner	104258	103896	86511	89357	86085	88233

Tabellen under viser eit meir detaljer ressursbruken i skulane i Vaksdal dei siste åra:

Indikator og nøkkeltall	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16
Årsverk for undervisningspersonale	57,4	54,5	53,4	52,9	49,9	47,5	42,6
Antall elever per årsverk til undervisning	9,4	9,8	10,2	9,9	10,7	10,8	13,0
Antall assistentårsverk i undervisningen	11	10	10	11	11	11	10
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	46,5	46,8	47,3	41,8	44,1	43,6	48,4
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	18,4	19,0	19,3	21,1	21,1	22,1	23,5
Lærertetthet 1.-7. trinn	9,9	10,3	10,1	10,3	11,0	11,1	14,4
Lærertetthet 8.-10. trinn	11,4	12,5	13,9	12,3	13,4	13,2	13,9
Lærertetthet i ordinær undervisning	13,6	13,8	14,1	12,8	14,2	14,3	16,9
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	97,2	97,9	94,2	96,7	99,4	96,0	99,7
Lærertimer som gis til undervisning	36 980	34 995	34 123	33 593	30 870	30 228	26 338
Undervisningstimer totalt per elev	75	72	70	72	66	66	54

Barnehage

I Vaksdal går færre barn i barnehage enn i landet forøvrig, med unntak av 2014 har om lag 82-83 % av barn i alderen 1-5 gått i barnehage i kommunen. I hovudsak er det barn i alderen 1-2 år som skil seg litt frå snittet.

Tabell: Barnehage- prioritet, dekningsgrad, produktivitet (KOSTRA 2014/2015 førebels tal)

Prioritering, dekningsgrad, produktivitet	Vaksdal		Hordaland		Landet	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger, kroner	5969	6290	8269	8385	7663	7855
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, %	87,3	82,3	91,1	91,1	90,2	90,4
Andel barn i barnehage med oppholdstid 33 timer eller mer per uke	91,7	91,3	97,8	98,1	96,6	97,3
Korr. brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	146249	173844	185766	191007	178099	181520
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning, %	85,0	94,4	95,7	97,1	90,0	91,8
Andel barnehager m. åpningstid 10 t eller mer per dag	75,0	75,0	32,2	32,7	31,8	32,6

Tabellen under viser del born i barnehagen i ulike aldersgrupper, del minoritetspråklege og oppholdstid samanlikna med kommunegruppa og landet elles.

	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	Vaksdal 2105	KG 3 2015	Landet 2015
Del barn 1-5 år med barnehageplass	82,9	82,0	87,3	82,3	89,8	90,4
Del barn 1-2 år m bhg.pl i f.t. barn 1-2 år	55,2	54,9	71,4	62,8	55,4	39,1
Del barn 3-5 år med bhg.pl i f.t. barn 3-5 år	91,8	93,0	94,7	95,9	71,2	50,4
Del minoritetspråklege born i f.t. innvandarar born 1-5 år	73,7	76,7	85,2	71,9	77,1	74,0
Del i bhg med opph.tid 33 t el.meir pr veke	87,7	91,1	91,7	91,3	93,7	96,7

Andre tenester

Tekniske driftstenester innan vatn, avlaup, veg og grønt er i dag eit lite driftsmiljø samordna med eigedomsforvaltninga. Utviklingsoppgåver og større vedlikehald vert i hovudsak kjøpt inn eksternt, t.d ved bygging av nytt vassverk eller ved større skade på veg. Framtidige konsekvensar av eit varmare klima vil vera utfordrande for Vaksdal. Kommunen har allereie mykje rasproblematikk knytt til fjellparti og noko skred, ein del flomproblematikk og område med leire. Sjølv om kommunen jobbar med kartlegging, overvåking og sikring er kapasitet og prioritering ei stadig utfordring.

Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar er eit område med monaleg etterslep. Siste år er det gjennomført tilstandsvurderingar av kommunale bygg og tilstanden er alvorleg for fleire av dei, m.a er det trong for ny skule på Dale. Å reversere forfallet innan skulebygg og andre bygg er allereie ei stor utfordring som vil krevje store investeringar med tilhøyrande låneopptakt i åra som kjem. Det er vanskeleg å sjå korleis Vaksdal som eigen kommune skal klare desse investeringane i neste 20 års periode.

Kultur og nærmiljø er viktig for folk og bidrar til å skape identitet og tilhøyrslse. Kommunen har prioritert tiltak i nærmiljøet gjennom lag og organisasjonar, låge satsar i kulturskulen og tiltak innan idrett – og friluftsliv. Med svekka økonomi framover samtidig som oppgåveporteføljen aukar kan slike «ikkje lovpålagde» tilbod koma under press og i verste fall måtte nedprioriterast.

Forvaltningsmessige oppgåver t.d inna landbruk, byggesak, kart og oppmåling er ivaretatt av eit lite fagmiljø i kommunen. Kommunen tar del i faglege nettverkk med andre kommuner.

Framskriving av sysselsettingsbehovet

I Kunnskapsgrunnlaget for kommunereformprosess www.kommune.no er det gjort berekningar på framtidig sysselsettingsbehov innan barnehage, skule og pleie og omsorg basert på 2014-tal og middels vekst (SSB). Etter berekningane vil kommunen ha behov for om lag 35 fleire stillingar inna helse og omsorg i 2040, medan talet i aldersgruppa 20-66 år er uendra i perioden 2020 -2040. I tillegg til kostnadssida er rekrutteringsbehovet svært utfordrande i eit slikt perspektiv, med «eldrebølge» i heile landet.

SYSSELSETTING

Kommunale årsverk per 1000 innbyggere

Denne figuren sier noe om behovet for årsverk i yrkesaktiv alder (20 – 66 år) per 1000 innbygger som må brukes innenfor tre ulike sektorer i 2014, 2020 og 2040. Ved å se på behovet per 1000 innbygger i alderen 20 – 66 år korrigerer man for forandringer som

Barnehage

Estimert framtidig tjenestebehov i årsverk per 1000 innbyggere 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
Samlet	22,2	22	21,9
Osterøy	21	25,2	23,1
Vaksdal	19,8	23,2	22,7
Bergen	22,2	21,9	21,9

Grunnskole

Estimert framtidig tjenestebehov i årsverk per 1000 innbyggere 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
Samlet	17,4	17,2	17,7
Osterøy	21	19,7	23,6
Vaksdal	23,2	23,2	27,3
Bergen	17,3	17	17,4

Pleie og omsorg

Estimert framtidig tjenestebehov i årsverk per 1000 innbyggere 20-66 år.


Kommune	2014	2020	2040
Samlet	40,8	41,3	58,3
Osterøy	53,8	52,9	69,2
Vaksdal	77,3	71,1	93
Bergen	40	40,6	57,5

Interkommunale samarbeid

Samarbeid mellom kommunar om tenester og drift er utbreidd i heile landet. Frå regionale samarbeid der fleire kommunar i ein region har utstrakt samarbeid på eit avgrensa område mellom to kommunar.

Interkommunalt samarbeid har vist seg å være fordelaktig for kommunene både når det gjelder økonomi og tjenestekvalitet. Interkommunalt samarbeid bidrar til økonomiske besparelser for kommunene der det oppnås stordriftsfordeler i form av spesialisering av tjenesteutførelse og investering i felles anlegg og utstyr. I mange tilfeller tas innsparingene ut i økt tjenestekvalitet og bredere tjenester. Mindre kommuner kan gjennom interkommunalt samarbeid oppnå større besparelser enn større kommuner innbyggere sett i relasjon til alternativet med å drive tjenesten i egen regi. Interkommunalt samarbeid viser seg å ha en koordinerende funksjon som virker støttende overfor andre oppgaver som ivaretas av moderkommunen. En annen effekt er at interkommunalt samarbeid innenfor sektorområder som skole, helse og skatt/økonomi gir mulig-het til å utnytte egne personalressurser mer effektivt. (KS, 2013) Formelt interkommunalt samarbeid.

Figur 1 Ulike formelle samarbeidsmodeller (KS, 2013)



Ein forskningsrapport frå IRIS 2013 Interkommunalt samarbeid – konsekvenser, muligheter og utfordringer, viser at interkommunalt samarbeid er viktig og nødvendig for mindre kommunar, men at det også er utfordrende når det gjelder styring og kontroll.

De viktigste konklusjonene fra denne studien om hva konsekvensene av interkommunalt samarbeid er for norske kommuner er at det er fordelaktig for kommunene både når det gjelder økonomi og tjenestekvalitet, men gir noen utfordringer når det gjelder styring og kontroll. Interkommunalt samarbeid er viktig, og for mange kommuner helt nødvendig for å levere tjenester til innbyggerne.

Interkommunalt samarbeid har flere funksjoner enn å bidra til kommunal oppgaveløsning og å produsere kommunale tjenester. Det dreier seg både om modernisering og utvikling av kommunal tjenesteyting, om læring og erfaringsutveksling, om sømløse og fleksible kommunale tjenester, om samhold og felles forståelse mellom kommunene og om muligheten til å opprettholde dagens kommunestruktur. (IRIS, 2013)

Sårbare tenester og potensiale for interkommunalt samarbeid

For fleire av tenestene som Vaksdal kommune tilbyr er det fagmiljø som består av ein eller berre eit fåtal personar. Same person kan inneha fleire funksjonar og det er ein del tenester som er organisert i deltidsstillingar, som følgje av at behovet for tenesta ikkje er større etter innbyggjartal. Generalistkommuneprinsippet leiar til at i små kommunar vil små fagmiljø ha same ansvar for spesialiserte tenestekrav jf lovkrav sjølv om kommunen er liten. Risikoen for svikt i faglege vurderingar er då ein del av den kommunale verksemda.

Interkommunalt samarbeid er ein måte å sikre tilstrekkeleg lovmessig og forsvarleg teneste der kommunen ikkje åleine har høve til å inneha kompetanse og kapasitet til dette sjølv. Fordelen med dette er at kommunen framleis har ansvar for tenesta og såleis kan sikre lokal forankring. Ulempa er at det er krevjande å sikre god og tett lokalpolitisk styring over dei interkommunale samarbeida, særleg om dei er mange og mangfaldige. Poenget med manglande lokalpolitisk styring fordi dei interkommunale samarbeida vert for omfattande og dermed vanskeleg å handtere var ei del av ekspertutvalet si vurdering.

Vaksdal kommune har i dag følgjande interkommunale samarbeid (frå årsmelding 2015)

Aksjeselskap:

Business Region Bergen AS (BRB)

BIR AS

BKK AS

§27

Bergen og omland friluftsråd (BOF)

Osterfjorderrådet

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

Interkommunalt utvalg mot akutt forurensning (IUA Bergen)

IKS

Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp (DIHVA)

Interkommunalt arkiv i Hordaland (Ikah)

Vertskommunesamarbeid §28a/b

110 – sentralen – Bergen er vertskommune

Krisesenter – Bergen er vertskommune

Legevakt – Voss er vertskommune

Barnevern Modalen/Vaksdal – Vaksdal er vertskommune

Ikt drift – Osterøy er vertskommune

Det er også inngått ulike avtalar om samarbeid/kjøp av tenester innan innkjøp (Bergensavtalen), skatt, PPT, Vassregion, Geodata (Nordhordland Dgitalt), vetrinærtenester, vaksenopplæring med vidare.

For 2016 er det inngått avtale om kjøp av tenester for KAD- seng med Helse- Bergen og det vert fremja sak om utvida interkommunalt samarbeid om legevakttenester på kveld. Interkommunalt samarbeid om branntenesta er i prosess etter å ha vore handsama i kommunestyret i desember 2015.

Krav i samsvar med nye oppgåver som t.d primærhelsemeldinga vil auka behovet for interkommunalt samarbeid om t.d. betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern frå 01.01.2017, Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for menneske med psykisk helse- og rusproblem frå 2017. Primærhelsemeldinga viser også til at regjeringa vurderer å innføre lovkrav om kompetanse som utfyllar allereie gjeldande lovkrav. Det gjeld til dømes psykolog, men det er også nemnt ergoterapeutar, sosionomar/sosialfagleg kompetanse, vernepleiarar/spesialpedagogisk kompetanse og kliniske ernæringsfysiologar. Innan helse- og omsorgstenesta vil fagmiljøet i ein kommune på Vaksdal sin storleik vere lite. Det kan gjere det vanskeleg å rekruttere innanfor berekraftige økonomiske rammer. Primærhelsemeldinga har også tydelege forventningar og krav til kva som er naudsynt leiing både på strategisk og operativt nivå

Potensiale for interkommunalt samarbeid gjeld elles det meste av stadsuavhengige tenester så som:

- Løn, skatt
- Rekneskap, fakturering
- Juridiske tenester
- Kommuneplanlegging

Det kan også vere eit potensiale for meir bruk av kjøp av tenester. Kjøp som erstattar tenesteproduksjon er allereie ein sentral måte kommunen løyser sine oppgåver på. Det gjeld til dømes prosjektstyring, prosjektering, utgreiingsbistand og juridiske tenester. Men også tenester som er direkte tenesteproduksjon kan løysast gjennom kjøp av tenester. Det krev kompetanse og kapasitet til å handtere lov om offentleg anskaffingar, gjere gode bestillingar og følgje opp tenestekjøpet.

Konsekvensar for andre aktørar og institusjonar

Fleire statlege institusjonar så som NAV, Politiet og Skatteetaten er i endring og digitalisering av tenester saman med sentralisering og stordriftsfordelar synast vere hovudstrategi. Kommunen har avgrensa mogelegheit til å påverke desse prosessane men vert på mange måter den tenesta som vert att for innbyggjarkontakt.

Samandrag

Kommunane har ansvaret for viktige velferdstenester og eit sentralt mål med kommunereforma er å overføre fleire tenster til kommunane. Mange kommunar er i dag for små for oppgåvene dei har ansvar for og må samarbeide med andre kommunar for å løyse oppgåvene. Større kommunar vil kunne sikre meir stabile og kompetente fagmiljø med ressursar og kapasitet til å sørge for ei god utvikling for innbyggerane framover.

Vaksdal er ein liten kommune med folketalsutfordringar. På kort sikt (10 år) går tal barn og eldre ned, på lenger sikt aukar talet eldre medan talet på vaksne 20-66 er uendra. Ei slik utvikling vil gje bærekraftutfordringar framover og omstillingsbehovet vert stort. Denne utviklinga er allereie i gang og kommunereforma forsterkar denne situasjonen med endringar i inntektssystemet og fleire, spesialiserte oppgåver til kommunane.

Behovet for høg kompetanse innan etter kvart alle område er ei stadig større utfordring for kommunen i dag. Over tid har Vaksdal satsa på kompetansebygging innan helse og omsorg og oppvekst. Førebels rekrutterar vi godt til både sjukepleiar og helsefagarbeidar, pedagogar og barne- og ungdomsarbeidar, men krava til spesialiseringar aukar også innan desse faga. Generelt er det vanskeleg å rekruttere og behalde i spesialstillingar, stillingar med krav om høgare utdanning og leiarar. I eit 20 års perspektiv vert kompetanse og kapasitet utfordra kraftig, særleg innan helse og omsorg. Ressursbehovet i 2040 er ikkje berekraftig for ein liten kommune, det må skje endringar med både tilbod og organisering for å møte slike utfordringar.

Kommunen arbeider godt med kvalitetsutvikling innan tenesteområda og det systematiske kvalitetsarbeidet gir vinstar. Kompetanse og kapasitet i leiing er viktig for å sikre dette arbeidet. Effektiv tenesteproduksjon handlar m.a om organsering og bruk av teknologi. Kommunen arbeider med å utvikle omstillingsevne gjennom å satse på nyskaping og medarbeidardrive innovasjon. Å ta i bruk teknologi for å betre og forenkla prosessar er eit satsingsområde i kommunen som har stort potensiale framover. Likevel, det krev kapasitet og ressursar både økonomisk og personellmessig og kan lett bli nedprioritert i stramme tider. Å gjere tenester og informasjon tilgjengeleg for innbyggerar og næringsliv digitalt er ei klar forventning til alle kommunar.

Vaksdal er ikkje med i noko fast regionsamarbeid og har av den grunn noko færre interkommunale samarbeid enn mange andre kommunar. Å stå aleine framover som liten kommune vil vera heilt avhenging av utstrakt interkommunalt samarbeid, mest sannsynleg kan små kommunar verta pålagd slikt samarbeid. Det er uvisst korleis dette vil utvikle seg når kommunekartet endrar seg. Alternativt kan løysinga bli å kjøpe tenster frå eller inngå samarbeid med store kommunar som Bergen eller ev Voss.

Kommunen som samfunnsutviklar og utøvar av mynde

Rolla som samfunnsutviklar handlar om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, stads- og sentrumsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse i vidaste forstand. Ein viktig målsetnad med kommunesamanslåing er å få ein meir handlegkraftig kommune som kan spele ein større rolle som både lokal og regional samfunnsutviklar. Dette avheng mellom anna av kva evne ein har til å drive god og effektiv planlegging og kva mogelegheiter ein har for aktiv oppfølging av planarbeidet. Det er ein føresetnad at kommunen har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til arealplanlegging, næringsarbeid, kultutiltak, miljøvern, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap.

Ei viktig målsetnad for dei fleste kommunar er å stimulere til næringsutvikling og auka sysselsetting. Dette er noko som også krev kompetanse, evne til å byggje nettverk, gode planar og god infrastruktur. Det er også eit arbeid som er langsiktig og som krev stabilitet i kompetansemiljøet. Det er viktig å få til ein samla næringspolitikk som kan styrke grunnlaget for næringsutviklinga i heile regionen.

Ekspertutvalet la til grunn at kommunane må vere funksjonelle samfunnsutviklingsområde, ha tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse. Vert fagmiljøa for små vert det risiko for samfunnsutviklinga ved gjennomtrekk og vakansar i nøkkelstillingar. Ein kompetent administrasjon med tilfredsstillande kapasitet er viktig både i rolla som tenesteyter, samfunnsutviklar og myndighetsutøver, men også i eit demokratisk perspektiv. Det er stor vekt av politiske saker innan dette området, naturleg nok, og det krev tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å utforme avgjerdsgrunnlag og gjennomføring av politiske vedtak.

SAMFUNNSUTVIKLING	
SAMFUNNSMESSIGE HENSYN	KRITERIER
Helhetlig ivaretaking av areal- og transportinteresser tilpasset klima- og miljøhensyn Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet	Funksjonelle samfunnsutviklingsområder Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse
SAMFUNNSMESSIGE HENSYN	KRITERIER
Rettssikkerhet	Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Tilstrekkelig distanse

I ekspertutvalets rapport er det lagt til grunn at *rettssikkerhet* er det samfunnsmessige mest sentrale omsynet som skal ivaretakast i rollen som *myndighetsutøver*. Dette omsynet representerer verdiar og forvaltningsmessige krav som står sentralt i samfunnet. Ekspertutvalet har vidare satt kriteria for kva som skal til for at ein kommune på ein god måte ivaretar rettstryggleik i sin rolle som utøvar av mynde. Kriteria er tilstrekkeleg kapasitet, relevant kompetanse og tilstrekkeleg distanse.

Når ei avgjerd bygger på eit rettsleg mynde som er tildelt kommunen i lov, forskrift eller anna gyldig kompetansegrunnlag, utøver kommunen mynde. Utøving av mynde skjer i all hovudsak når:

- det vert fatta enkeltvedtak som gjeld enkeltindivid
- forskrifter og vedtekter vert vedtatt
- planar med ulike føresegner som er bindande for innbyggerne vert vedtatt

Utøving av mynde må skje innafør lovlege rammer, der kommunen skal ta omsyn til juridiske forvaltningsmessige krav, faglege krav og samfunnsmessige interesser. Dette set store krav både til fagleg innsikt og til juridisk/forvaltningsrettsleg kompetanse.

Rettstryggleik er eit omgrep som blant anna inneber at offentleg utøving av mynde er regulert slik at den vert utøvd innafør lovlege rammer, der det fins grenser for bruk av mynde og garantier/ordningar som gir innbyggerane rettar i dei forvaltningsmessige prosessar. Eksempler på rettstryggleiksgarantiar som omfattar kommunal verksemd, er saksbehandlingsreglar ved førebuing av enkeltvedtak, klagerett på enkeltvedtak, likebehandling av likearta saker, krav til høyring ved utarbeiding av forskrifter og kommuneplaner, reglar om offentlegheit og innsyn i forvaltninga m.v.

Kriteria tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse heng tett sammen. Kommunen skal ha tilstrekkeleg ressursar til å utføre oppgåver i tråd med regelverket t.d innafør gjeldande saksbehandlingsfristar. Samtidig må kommunen ha relevant kompetanse til å utøve fagleg skjønn og ivareta forvaltningsrettslege krav som skal sikre innbyggerane sin rettstryggleik i saksgangen.

Framover vil auka krav og forventningar til tenestene kreve både god fagkompetanse så vel som juridisk kompetanse hjå saksbehandlarar. Kommunen bør ha tilstrekkeleg breidde og overlappende kompetanse for å forebygge sårbarheit ved fråver eller når nøkkelpersoner sluttar. For ein liten kommune med avgrensa behov og etterspurnad vil det ikkje vera mogeleg å ha eit breitt fagmiljø med overlappende funksjonar.

I ekspertutvalgets rapport er det lagt til grunn at tilstrekkeleg distanse mellom saksbehandlar og innbygger er nødvendig for å sikre likebehandling. Tilstrekkeleg distanse bidrar til at det ikkje vert tatt utenforliggende omsyn i utøving av mynde, og sikrar innbyggerane sine rettar etter lova. Habilitetsreglane skal sikre tillit til kommunane og beskytte den enkelte saksbehandlar mot utidig press. Jo større kommunen er, jo større distanse er det mellom innbyggjarar, administrasjon og politikk. Dette er ein fordel for å unngå habilitetsproblematikk. På den andre side er det ein fordel med korte linjer i organisasjonen for å legge til rette for tverrfagleg samarbeid, raske avgjersler og god tilgjenge til saksbehandlarar/leiarar.

Dagens situasjon

Talet på tilsette i kommuneorganisasjonen har sjølvsagt betydning for kva ressursar som er tilgjengeleg. Vaksdal har eit lite men kompetent fagmiljø innan plan- forvaltning, og utviklingsoppgåver. Innan viktige fagområde har me berre ein tilsett og me er sårbare ved fråver. Rekruttering etter spesialstillingar har ofte vist seg vanskeleg og stillingar har stått vakante lenge. Me ser og at me har avgrensa kapasitet til å skaffe utviklingsmidlar, delta i regionale utviklingsprosjekt m.v. Kommunen er i stor grad avhengig av å kjøpe ekstern bistand for å gjere utgreiingar og drive utviklingsprosjekt. Det gjeld også juridisk bistand som kommunen i all hovudsak lyt kjøpe eksternt i dag.

Utgreiingskapasitet generelt i rådmanns stab og innanfor dei store samfunnsutviklingsoppgåvene er også eit sårbart område i dag. For meir spesialiserte fagoppgåver har kommunen i all hovudsak ein

eller to tilsette og det er til tider vanskeleg å rekruttere tilstrekkeleg fagleg kompetanse. Kravet til fagleg tryggleik stig tilsvarande kva for risiko feilvurderingar i saksområdet gir, og storleik på fagmiljø for å diskutere dei vanskelege sakene i.

Bergensbaneregionen 2040

Utviklinga av Bergensregionen etter utbyggingsmønsteret me har i dag vil ha negative konsekvensar for liv og helse, for klima, miljø og samfunnsøkonomi. Bergen er i dag den dårlegaste storbyen på fortetting. Samstundes er det ei stor utbygging i Bergen sine nabokommunar i sør, vest og nord. Statens Vegvesen stipulerer ein vekst i biltrafikken i Bergen på mellom 20 – 60% viss utbygginga held fram etter dagens mønster.

Ny veg og bane, og særleg jernbanen, mellom Arna og Voss representerer ei berekraftig løysing på behovet for areal til busetand og næringsutvikling. Å utvikle stasjonsbyane langt Bergensbanen vil vere avgjerande viktig for å kunne vere ein berekraftig region. (Bergensbaneregionen 2040 Asplan Viak). Spørsmålet er om kommunen evnar å skape denne utviklinga sjølv? I arbeidet med intensjonsavtale om samanslåing med Bergen er dette eit av dei sentrale punkta; å få drahjelp og vekstkraft til å hente ut potensiale i stasjonsbyane. Ein ny bydel med Indre Arna som bydelssentrum kan vera sentral for berekraftig utvikling og fortetting langs jernbanetraseen.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015 – 2026) seier mellom anna at: «Kommunane Osterøy, Vaksdal og Samnanger soknar i retning Bergen. Indre Arna er eit naturleg stoppepunkt og senter som kan fungere som senter med regionale funksjonar dersom det blir lagt til rette for det. Den regionale planen legg til grunn at Indre Arna skal ha relevante regionale funksjonar for Osterøy, Vaksdal og Samnanger»

Samandrag

Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse . Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av nye veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling men er også krevande med omsyn til plassering av massar og andre konfliktområde. Vaksdal har mykje utpendling i dag og det ligg potensiale for folketalsvekst i raskare og tryggare transportsystem i framtida.

Utbygginga og fortetting i stasjonsbyane er viktig for å realisere vinstane med ny veg og bane. Vaksdal som liten kommune vil ha utfordringar med å skape ei slik utvikling åleine, her er ein avhenging av drahjelp og kapital for å lukkast. Konkurransen med andre område rundt Bergen vil framleis vera stor. Næringslivet i Vaksdal er i utgangspunktet eit relativt lite miljø og det er liten avktivitet innan plan og bygg. Private planar er det få av i kommunen og kommunen har til no ikkje vore attraktiv nok for private utbyggjarar. Utbygginga på Tettaneset på Stangehelle er i så måte spanande for å måle interessa frå slike prosjekt i kommunen.

Vaksdal har avgrensa kompetanse og kapasitet i adminstrasjonen til å ivareta ei heilskapleg samfunnsutvikling. Rådmann har samla ressursane i eininga samfunnsutvikling og hjå rådmann for å samordne og styrke den kompetansen og kapasiteten kommunen har på viktige samfunnsområde. Me er likevel avhenging av utstrakt kjøp av tenester ved større plan- og utviklingsoppgåver, ved behov for juridisk kompetanse og utgreiingar. Ei utfordring med dette er å sørge for heilskap og samordning ved større utviklingsoppgåver og prosjekt. Store oppgåver vil binde opp mykje av den kapasiteten vi har til rådvelde. Økonomisk har vi som liten kommune avgrensa ressursar til dei store løfta.

Kommunen som demokratisk arena

Kommunestyret har 21 representantar og to faste underutvalg: formannskap/plan – og økonomiutval og utval for levekår med 7 representantar kvar. Råd og mellombelse utval/nemnder kjem i tillegg. Med unntak av ordførar og delvis varaordførar er det kun «fritidspolitikarar» i Vaksdal .

DEMOKRATISK ARENA	
SAMFUNNSMESSIGE HENSYN	KRITERIER
Betydningsfulle oppgaver og rammestyring	Høy politisk deltakelse
Lokal politisk styring	Lokal politisk styring
Levende lokalt folkestyre	Lokal identitet
Aktiv lokal politisk arena	Bred oppgaveportefølje
	Statlig rammestyring

Ekspertutvalet peikar på på tre faktorer for lokal politisk styring. For det første trekkjer dei fram behovet for nødvendig kompetanse og kapasitet i kommuneadministrasjonen til å utarbeide gode avgjerdsgrunnlag for folkevalde. For det andre er det viktig at kommunar har kompetanse til å etablere system for styring av interkommunale samarbeid som er etablert. Til sist er det viktig at kommunen har reell politisk kontroll over alle lovpålagde oppgåver den har ansvar for.

Utgreiingskapasiteten i ein liten kommune er avgrensa og det er i realiteten få personar som har slik kompetanse i kommuneadministrasjonen. Fleire større saker samtidig utfordrar kommune sin kapasitet og ein del utgreiingskapasitet må kjøpast eksternt.

Kommunane i Norge er ein viktig demokratisk arena. Gjennom val kan innbyggerane påverke sin eigen kvardag. For at lokaldemokratiet skal fungere er ein avhengig av politisk deltaking og det er viktig at kommunepolitikere har mynde over dei områda som betyr noko for kvardagen til folk. Det er derfor positivt at staten i denne reforma legg opp til meir rammestyring av kommunane.

Ein av fordelane med dagens kommunestruktur er nærleik til politisk nivå som gjer det lett å ta kontakt og få satt saker på dagsorden. Lokaldemokrati handlar også om å fremje innbyggerane og næringslivet sine interesser. Ein større kommune kan ha større gjennomslagskraft til å påverke og arbeide for lokale interesser overfor både myndigheiter og private aktørar.

Valdeltaking

Valdeltakinga i Vaksdal har vore stabil over tid jf. tabell og ligg litt over landet samla. Undersøkingar, blant anna frå Institutt for samfunnsforskning (2013) , viser at kommunestorleik har lite å sei for valgdeltaking.

Tabell: Valdeltaking kommunestyreval 1995 – 2015(SSB)

Kommune	År	Valdeltaking	Tal stemmer
Vaksdal	1995	66,2	2 238
Vaksdal	1999	67,3	2 188
Vaksdal	2003	68,0	2 172
Vaksdal	2007	66,2	2 117
Vaksdal	2011	67,2	2 130
Vaksdal	2015	64,6	2 065

Samanfattande vurderingar

Reforma medfører endringar for alle kommunar uavhengig av kommunesamaslåingar. Det er i hovudsak tre område som vil utfordre Vaksdal som eigen kommune.

- Tenester
- Økonomi
- Samfunnsutvikling

Tenester

Allereie i dag er utfordringa for kommunen mellom anna tilgang på tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å yte tenestene. Eit stadig auka behov for spesialisering gjer seg gjeldande innfor alle tenester. Etterspurnaden etter slik kompetanse gjer det vanskeleg for mindre kommuner å rekruttere til slike jobbar. Små fagmiljø gjer oss mindre attraktive. Veksten i byane trekker også til seg kompetanse frå mindre kommunar i utkanten. Seinast har vi sett at statlege satsingar som t.d barnevern og helsesøster har ført til at byane «støvsugar» arbeidsmarknaden etter slik kompetanse. Overføring av nye kompetansekreivande oppgåver frå staten til kommunane vil vera svært utfordrande for mindre kommunar som Vaksdal. Meir interkommunalt samarbeid vil vera nødvendig, men om kommunekartet rundt oss endrar seg er det usikkert om interessa for slike løysingar er like stor. Oppfølging og styring av interkommunalt samarbeid er krevande politisk og administrativt og for mange kommunar som slår seg saman er det eit mål om å redusere slikt samarbeid. Generalistkommune -omgrepet kan kome under press og det kan utvikle seg *A og B-lag* der dei små kommunane sit att med lite makt og mynde.

Oppgaveoverføring til kommunane gir lokalpolitikarar auka ansvar for utvikling og tenesteproduksjon i kommunane. Det er ein demokratisk verdi at dei som erfarer konsekvensane av politikk også bør ha påverknad på politikken. Utfordringen for ein liten kommune er å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å meistre slike oppgåver.

Ein av fordelane med dagens kommunestruktur er nærleik til brukarane og kort reiseveg til kommuneadministrasjonen saman med nærleik til dei folkevalte. I kommunane er det primært tenestene barnehage, grunnskule, lokale helsesenter og pleie- og omsorg som utgjer dei mest ressurskrevjande tenestene. Nasjonalt går mellom 60 - 75% av talet årsverk og kommunen sitt totalbudsjett til desse sektorane, i Vaksdal vel 85% . Mange av tenestene innan desse sektorane vil måtte bli levert i innbyggjarane sitt nærmiljø, uavhengig av kommunereforma.

Tenester som kan samlokaliseras og digitaliserast og gjerast tilgjengeleg for innbyggjarane gjennom internett er derimot ikkje stadbundne. Det gjeld ei rekkje av dei tenestene som tradisjonelt har vore utført frå rådhuset.

Økonomi

Økonomisk har Vaksdal vanskelege år foran seg med monaleg inntektssvikt frå både statlege løyvingar og i egne inntekter. Omfordeling av midlar frå små kommunar til vekstkommunar i inntektssystemet er truleg nødvendig for å møte veksten i byregionane og vi vil sjå meir av dette framover. Kraftinntektene vil venteleg vere lave i minimum 5-10 år, men kan auke igjen seinare. I økonomiplanen legg vi til grunn vanskelege tider for kommunen i planperioden og ti års perioden. Kostnadane må tilpassast rammevilkåra både på kort og lang sikt.

Samtidig er investeringsbehovet aukande . Gjennom tilstandvurderingane av kommunale bygg er det dokumentert store etterslep på vedlikehald. Utbygging av K5 gir nye mogelegheiter for vekst i stasjonsbyane, men det krevst «økonomiske muskler» for å realisere visjonane. Vekst i folketalet er etterlengta, men vil også krevje nye investeringar i t.d barnehagar, skular m.v. Kommunen si lånegjeld er framleis akseptabel, men vil truleg auke monaleg for å kunne realisere m.a ny skule på Dale og Tettanaset som buområde. Avdrag og renter vil belaste driftsbudsjettet og gje mindre til tenestene. Tilrettelegging og satsing på stasjonsbyane vert avhengig av privat kapital og vil konkurrere med utbygging t.d i Arna. Potensielle konflikhtar ved ei slik utbygging kan også seinke og ev stoppe mogelege utbyggingsprosjekt.

Samfunnsutvikling

Kommunane står overfor store utfordringar med omsyn til demografiske endringar, klima- og miljø utfordringar og folkehelse . Heilskapleg utvikling krev ei meir samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal bidra til effektiv arealbruk og eit meir miljøvenleg transportsystem. Utbygging av ny veg og bane gjennom kommunen gjev grunnlag for ei slik utvikling, men er også krevande med omsyn til arealbruk, plassering av massar og andre mogelege konfliktområde.

Kommunen har lav arbeidsplassdekning og utpendlinga er aukande. Som del av ein felles bu-, service- og arbeidsmarknad i Bergensregionen nyttar innbyggarane seg i stor grad av tilboda i Bergen i tillegg til lokalt. Samtidig ønsker kommunen tilflytting som kan gje folketalsvekst og utvikling i tettstadane/stasjonsbyane. Ei utvikling aust for Bergen kan bidra til å realisere denne visjonen.

Kommunen vil endre seg i takt med endringane rundt oss. Reforma vil føre til endringar i alle kommunar, men vil særleg utfordre mindre kommunar. Vaksdal som eigen kommune vil møte nye utfordringar og meir krevande økonomiske tider samanlikna med tidlegare. Brukarar og tilsette vil merke endringane og det vil bli fleire prioriteringsdebatter for våre lokalpolitikarar. Identitetskjenne og tilhøyre til lokalsamfunnet og bygdene våre er verdiar som lever vidare uavhengig av om kommunen står åleine eller går saman med andre.

Kjelder

26, Meld. St. (2014-2015). *Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*. Oslo: Helse- og omsorgdepartementet.

Ekspertutvalget. (2014). *Kriterier for god kommunestruktur*.

FN. (2012). *Ageing in the 21st Century: A Celebration and A Challenge*.

Institutt for samfunnsforskning. (2013). *Valgdeltagelsen ved kommunestyrevalget 2011*.

IRIS. (2013). *Interkommunalt samarbeid - konsekvenser, muligheter og utfordringer*.

KMD. (2014). *Veien mot en ny kommune. Veileder for utredning og prosess*.

KS. (2013). *Formelt interkommunalt samarbeid*.

(2016). *Meld.St.27*.

Omsorg 2020. (u.d.). *Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020*. Oslo: Helse- og omsorgdepartementet.

(2015). *St.meld nr 14*.

NOU 2011:11. *Innovasjon i omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet

RAPPORT OM NY KOMMUNE

Rapporten gir oversikt over relevante nøkkeltall og utviklingstrekk både for enkeltkommuner og for en ny, sammenslått kommune. Variablene er valgt ut på bakgrunn av tidligere utredninger av kommunesammenslåinger. Ytterligere informasjon finner du på nettsiden www.kommunereform.no (<http://www.kommunereform.no>).

BEFOLKNING OG DEMOGRAFI

Utvikling i innbyggertall

Historisk befolkningsutvikling fra 1972 til 2015 og framskrivning av befolkningsutviklingen i tre ulike alternativ frem mot 2040. Dataene er hentet fra SSB, mer informasjon om de ulike framskrivningsalternativene finnes på SSBs nettsider (<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram>).

For enkelte kommuner finnes det ikke historiske befolkningstall helt tilbake til 1972. Derfor begynner tidsserien for disse kommunene først når data er tilgjengelig.

Per 1. januar 2015 er samlet befolkning i den nye kommunen 287 050.

Kommune	1972	1980	2000	2015
SAMLET	222 926	220 340	240 694	287 050
VAKSDAL	5 301	4 851	4 192	4 096
OSTERØY	5 655	6 579	7 006	7 842
BERGEN	211 970	208 910	229 496	275 112

Fremskrivninger

2020

Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
SAMLET	295 860	302 029	309 021
VAKSDAL	4 170	4 249	4 336
OSTERØY	8 461	8 629	8 798
BERGEN	283 229	289 151	295 887

2040

Kommune	LAVT	MIDDELS	HØYT
SAMLET	316 263	347 101	397 695
VAKSDAL	4 169	4 604	5 227
OSTERØY	9 924	10 926	12 414
BERGEN	302 170	331 571	380 054

Aldersgrupper

Framskrevet utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

2015

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	20 682	32 279	13 834	182 963	25 042	12 250
VAKSDAL	268	472	207	2 328	489	332

OSTERØY	585	1 048	470	4 571	780	388
BERGEN	19 829	30 759	13 157	176 064	23 773	11 530

2020

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	21 905	33 229	13 804	191 474	28 935	12 682
VAKSDAL	322	490	184	2 418	541	294
OSTERØY	780	1 069	457	4 968	969	386
BERGEN	20 803	31 670	13 163	184 088	27 425	12 002

2040

KOMMUNE	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
SAMLET	23 429	37 199	15 875	207 399	39 910	23 289
VAKSDAL	313	577	233	2 420	637	424
OSTERØY	853	1 527	609	5 925	1 242	770
BERGEN	22 263	35 095	15 033	199 054	38 031	22 095

Innbyggere 20-66 år i forhold til eldre innbyggere

Denne figuren gir mulighet til å se antall personer i arbeidsfør alder i forhold til to ulike grupper av eldre i 2015, 2020 og 2040. Arbeidsfør alder er 20-66 år mens de eldre aldersgruppene er 67 år og over, og 80 år og over. En reduksjon i forholdstallet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggere i yrkesaktiv alder per innbygger i den eldre aldersgruppen.

For å bytte mellom de to visningsmulighetene er det en knapp over figuren.

Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

67 år og over

Kommune	2015	2020	2040
SAMLET	4,9	4,6	3,3
VAKSDAL	2,8	2,9	2,3
OSTERØY	3,9	3,7	2,9
BERGEN	5,0	4,7	3,3

80 år og over

Kommune	2015	2020	2040
SAMLET	14,9	15,1	8,9
VAKSDAL	7,0	8,2	5,7
OSTERØY	11,8	12,9	7,7
BERGEN	15,3	15,3	9,0

TJENESTEPRODUKSJON

Barnehage

Kommune	Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	Andel barn 1-5 år med barnehageplass
VAKSDAL	85,0	87,3
OSTERØY	95,7	84,0

BERGEN	97,9	91,5
--------	------	------

Grunnskole

Kommune	Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1. - 10. årstrinn
VAKSDAL	11,7
OSTERØY	12,9
BERGEN	15,7

Pleie og omsorg

Kommune	Andel innbyggere 80 år og eldre som er beboere på institusjon	Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	Antall innbyggere 80 år og eldre som mottar hjemmetjenester
VAKSDAL	16,0	74,0	39,5
OSTERØY	12,4	66,0	29,9
BERGEN	15,8	72,0	30,6

SYSSELSETTING

Kommunale årsverk per 1000 innbyggere

Denne figuren sier noe om behovet for årsverk i yrkesaktiv alder (20 – 66 år) per 1000 innbygger som må brukes innenfor tre ulike sektorer i 2014, 2020 og 2040. Ved å se på behovet per 1000 innbygger i alderen 20 – 66 år korrigerer man for forandringer som skyldes endringer i størrelsen på befolkningen.

I beregningene er det tatt utgangspunkt i samme dekningsgrad og standard på tjenestene som i 2014. Tjenestedataene er hentet fra KOSTRA 2014 (<http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>). Framskrivningene er basert på SSBs mellomalternativ.

Barnehage

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
SAMLET	22,2	22,0	21,9
VAKSDAL	19,8	23,2	22,7
OSTERØY	21,0	25,2	23,1
BERGEN	22,2	21,9	21,9

Grunnskole

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
SAMLET	17,4	17,2	17,7
VAKSDAL	23,2	23,2	27,3
OSTERØY	21,0	19,7	23,6
BERGEN	17,3	17,0	17,4

Pleie og omsorg

Estimert framtidig tjenstebehov i årsverk per innbygger 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
SAMLET	40,8	41,3	58,3
VAKSDAL	77,3	71,1	93,0

OSTERØY	53,8	52,9	69,2
BERGEN	40,0	40,6	57,5

Privat og offentlig sysselsetting

Figuren viser andel sysselsatte i offentlig og privat sektor i kommunene i 2010, 2012 og 2014. Tall fra SSB.

2010

Kommune	OFFENTLIG	PRIVAT
SAMLET	29,00%	71,00%
VAKSDAL	45,00%	55,00%
OSTERØY	34,00%	66,00%
BERGEN	28,00%	72,00%

2012

Kommune	OFFENTLIG	PRIVAT
SAMLET	28,00%	72,00%
VAKSDAL	43,00%	57,00%
OSTERØY	35,00%	65,00%
BERGEN	28,00%	72,00%

2014

Kommune	OFFENTLIG	PRIVAT
SAMLET	29,00%	71,00%
VAKSDAL	45,00%	55,00%
OSTERØY	31,00%	69,00%
BERGEN	29,00%	71,00%

Nærings sammensetning

Disse tallene viser nærings sammensetningen fordelt på primær, sekundær og tertiær næring i kommunene i 2014. Tall fra SSB.

Kommune	PRIMÆRNÆRING	SEKUNDÆRNÆRING	TÆRTIÆRNÆRING
SAMLET	0%	19%	80%
VAKSDAL	3%	29%	68%
OSTERØY	5%	37%	59%
BERGEN	0%	19%	81%

Arbeidspendling

Utpendling: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall arbeidstakere bosatt i kommunen. Kolonne to fra venstre viser antall arbeidstakere som arbeider i kommunen og er bosatt i kommunen (hvor mange av de fra kolonne 1 som jobber i samme kommune som de er bosatt i). De fem neste kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler til, og den siste kolonnen viser summen av antall pendlerne til andre kommuner.

Innpending: Denne tabellen viser i første kolonne fra venstre totalt antall sysselsatte i kommunen, kolonne 2 viser antall personer som er bosatt og arbeider i kommunen (samme som kolonne 2 i utpendlingstabellen). De neste fem kolonnene viser de kommunene hvor flest pendler fra, og siste kolonne er summen av de som pendler fra andre kommuner. Summen av kolonne 2 til 8 gir totalt antall sysselsatte i kommunen noe som tilsvarer kolonne 1.

Data er hentet fra SSBs pendlingstall for 2014.

Utpendling

Kommune	ARBEIDSTAKERE	PENDLER IKKE	1.	2.	3.	4.	5.	ANDRE
---------	---------------	--------------	----	----	----	----	----	-------

SAMLET	153 118	134 351	3 097 Fjell	3 066 Oslo	1 888 Sokkelen sør for 62° N	1 284 Askøy	946 Stavanger	8486
VAKSDAL	1 931	1 039	556 Bergen	86 Voss	52 Sokkelen sør for 62° N	38 Modalen	18 Oslo	142
OSTERØY	4 030	2 231	1 380 Bergen	74 Lindås	64 Sokkelen sør for 62° N	40 Vaksdal	37 Oslo	204
BERGEN	147 157	128 710	3 069 Fjell	3 011 Oslo	1 772 Sokkelen sør for 62° N	1 274 Askøy	928 Stavanger	8 393

Innpending

Kommune	1.	2.	3.	4.	5.	ANDRE
SAMLET	6 626 Askøy	4 980 Fjell	3 946 Os (Hord.)	2 048 Lindås	1 538 Meland	17 005
VAKSDAL	110 Bergen	73 Voss	40 Osterøy	23 Samnanger	6 Fjell	50
OSTERØY	270 Bergen	27 Lindås	16 Askøy	15 Vaksdal	15 Meland	83
BERGEN	6 609 Askøy	4 968 Fjell	3 933 Os (Hord.)	2 015 Lindås	1 521 Meland	18 740

KOMMUNEØKONOMI

Driftsresultat og lånegjeld

Netto driftsresultat er hovedindikatoren for den økonomiske balansen i kommuner og fylkeskommuner. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskudd etter at renter og avdrag er betalt, og er et uttrykk for hva kommuner har til disposisjon til avsetninger og investeringer. Ifølge Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat for kommunesektoren under ett og over tid utgjøre om lag 3 pst. av inntektene.

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fratrukket utlån og ubrukte lånemidler, i prosent av brutto driftsinntektene for samme kommune.

Tallene er fra KOSTRA 2014.

Kommune	NETTO DRIFTSRESULTAT	NETTO LÅNEGJELD
SAMLET	0,3 %	81,1 %
VAKSDAL	2,0 %	49,5 %
OSTERØY	2,3 %	47,5 %
BERGEN	0,2 %	82,8 %

Driftsinntekter

Driftsinntektene er summen av skatteinntekter, rammetilskudd, øremerkede tilskudd til løpende drift og gebyrer/salgs- og leieinntekter. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2014.

Kommune	PER INNBYGGER	SUM FOR KOMMUNEN
SAMLET	66	19 029 955
VAKSDAL	97	396 158
OSTERØY	71	555 385
BERGEN	66	18 078 412

Akkumulert underskudd

Akkumulert underskudd vil tilsvare et regnskapsmessig merforbruk. Dette vil si at kommunen har overskredet det vedtatte, balanserte budsjettet. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2014.

Kommune	PER INNBYGGER	SUM FOR KOMMUNEN
SAMLET	0	-1 213
VAKSDAL	0	0
OSTERØY	0	0
BERGEN	0	-1 213

Fondsbeholdning

Kommunenes fondsbeholdning fordeler seg på disposisjonsfond og regnskapsmessig mindreforbruk. Fondene er kommunenes økonomiske reserver. Tallene vises i 1000 kroner.

Tallene er fra KOSTRA 2014.

Kommune	PER INNBYGGER	SUM FOR KOMMUNEN
SAMLET	2	488 301
VAKSDAL	17	68 710
OSTERØY	0	466
BERGEN	2	419 125

Arbeidsgiveravgiftssone

Arbeidsgiveravgiften varierer etter hvor i landet virksomheten holder til. Disse kommunene er i samme sone for differensiert arbeidsgiveravgift per 2014.

Distriktsindeks

Disse kommunene befinner seg i ulikt intervall i distriktsindeksen.

Distriktsindeksen er for 2014.

Eiendomsskatt

Disse kommunene har samme praksis ved eiendomsskatt.

Økonomisk støtte

Engangsstøtte

Med en omfattende kommunereform vil departementet gjøre dekningen av engangskostnader ved en sammenslåing mer forutsigbar for kommunene, og unngå mange og tidkrevende søknadsprosesser. Departementet legger opp til at alle kommuner som slår seg sammen i reformperioden får dekket engangskostnader ved sammenslåingen etter en standardisert modell.

Tallene er hentet fra kommuneproposisjonen 2016.

kr 45 000 000

Reformstøtte

Kommuner som fatter nasjonale vedtak om sammenslåing i reformperioden vil kunne få reformstøtte fra staten. Utbetalingen blir gitt uten ytterligere søknad fra kommunene, og utbetales på tidspunktet for sammenslåingen. Reformstøtten vil bli tildelt etter en standardisert modell.

kr 30 000 000

Inndelingstilskudd

Inndelingstilskuddet sikrer at kommuner som slår seg sammen til en ny kommune i reformperioden beholder tilskudd som om den fortsatt er to (eller flere) kommuner i 15 år etter sammenslåingen. Deretter trappes inndelingstilskuddet ned over 5 år.

LENKE TIL KS' BEREGNINGSMODELL (<http://www.ks.no/link/5fd2c7539b1b4ca486ae0883b281333c.aspx?id=11575>)